

Ingar Kaldal

# Veit og gate

Daglegliv  
i Midtbyen i Trondheim  
1880–1950

*Denne boka er utgitt i samarbeid  
mellan Trøndelag Folkemuseum  
og Universitetsforlaget*

Trøndelag Folkemuseum  
og  
Universitetsforlaget  
1997

«jeg ser da bort fra mindre forseelser, gateordenen og lignende». Når det ikkje var meir «forbrytelser», «har skolen og hjemmene sin store fortjeneste derav. Ser jeg derimot hen til ungdommen i alderen 16 til 20 aar – der er sluppet los fra skolen og delvis fra hjemmets skjermende haand, stiller det sig anderledes. At forbrytelserne og usommelig optræden paa gaterne blandt ungdommen i nævnte alder er tiltagende og delvis antar mere rafinerte former end tidligere, er utvilsomt».<sup>515</sup>

I religiøse samanhengar var «gata» forbunden med synd, og frelse med det å bryte med «gata». I ei skildring i Nidaros av ein misjonær si evne til å få unge gutar inn på sunne moralske vegar, heiter det om ein at «Han er som blåst bort fra gata». Skildringa slutta med moralen: «La Guds ånd få lov til å blåse dig bort fra gata, mot strommen. Kom og bli med på den smale vei. Vi er lykkelige som går der».<sup>516</sup>

Når det var snakk om hus og heim som stader å førebygge eller løyse problema, vart også kvinnene si rolle eit tema. Når stadig fleire kvinner måtte ut i arbeidslivet for å tene til familien sitt opphold, vart «barna (...) alene hjemme – eller ute – uten tilsyn».<sup>517</sup> Kva kjønn betydde i forholdet til «gata» vil bli belyst gjennom ei anna sak, som er tema for neste kapittel.

## 9. Minda-saka

Tidleg ein laurdagsmorgen i oktober 1888, i grålysinga omkring klokka seks, fann to arbeidarar ei ung jente liggande urørleg på torget i Trondheim, rett utanfor Svaneapoteket.<sup>518</sup> Ho låg på steindekket med arma under hovudet. I seinare forklaringar frå dei som fann ho, heiter det at ho låg heilt urørleg. «Kufsten, Kjolen og Snørlivet var ophavt», og «hendes Skjørtebaand og baand rundt livet var opløst». Hovudtørkleet hennar var «stuffet ind paa Brystet», som dels var oppknappa. Kleda satt så laust på, i følgje ein av dei som fann ho, at «om han hadde reist op hende, ville Skjørterne og Benklæderne have glidt ned». Ein annan som kom til stades da ho vart funne, seier at kleda likevel var omhyggeleg ordna og skjørtet trekt godt nedover føtene, på ein måte som gjorde det sannsynleg at ho var lagt dit av andre.<sup>519</sup>

Politiet vart varsla. Dei tok ho med til fyllearresten i Munkegata. Der sov ho utover formiddagen. Da ho vakna, fortalte ho at det siste ho hugsa, var at ho hadde vore inne på eit vaktrom på apoteket, og at det der også var ein loyntan, ein farmasøyt og ein mann til. Ho hadde fått noe å drikke, i følgje politiahvora to glas konjakk. Men i følgje jenta smakte det heilt annleis enn konjakk.<sup>520</sup> Etter det hugsa ho ingenting.

### Minda – ei jente i Trondheim

Jenta heitte Minda. Ho var sped, hadde blå auge og raudt hår, i følgje arrestprotokollen til politiet. I same protokollen står det at ho sjølv hadde oppgitt å vere sytten år. Grunnen for arrestasjonen var «Beruselse».

Kven var ho? For det første var ho fjorten år og konfirmert berre to–tre veker før hendinga. Ho var fødd i februar 1874 i Strinda. Faren var skreddar. Han var 38 år og mora 35 år. Til saman hadde dei åtte barn, og Minda var eldst. Foreldra hadde gifta seg åtte år etter at Minda var fødd, og alt da hadde

dei fätt tre barn. I deira eiga politiforklaring står det at dei «sitter i smaa Kaar».

Minda hadde ofte i oppveksten vore med faren på arbeid. Der hadde ho hatt oppgåver med å hente og levere både varer og pengar for den skreddarverkstaden faren arbeidde i. Ho budde heime hos foreldra heilt til eit halvt år før konfirmasjonen. Da fekk ho seg teneste hos ein handelsreisande på Singsaker. Etter eit par månader flytta ho heim, fordi foreldra fann ut at dei trøng ho til hjelp der. Etter konfirmasjonen hadde ho elles budd ei tid hos besteforeldra, som var husmenn under ein gard i Strinda.

Den dagen det tragiske skjedde på apoteket, skulle ho flytte frå besteforeldra til ei tante, søstra til Minda sin far, som var gift med ein båtførar, og budde i Lillegårdsbakken. Denne tanta fortalte seinare i avhør at det ikkje var noe godt forhold mellom jenta og foreldra. Ein grunn ho nemnte til det var at «*Pigens Moder er af et vanskelig Gemyt*»<sup>521</sup> Kort tid etter hendinga på apoteket fekk Minda seg teneste hos ein slaktarmeister, der ho vart oppsagt etter 8 dagar, da dei fekk høre kva ho hadde vore utsett for. Etter det budde ho heime hos foreldra i Strinda. Like etter konfirmasjonen hadde ho også vore fem dagar i arbeid på Ranheim Cellulosefabrikk, men der slutta ho etter ønske frå tanta, som meinte at «*de fik saa stygt ord de som var der*». Det er eit kjent inntrykk frå 1800-talet at fabrikkjenter lett fekk därlegare ord på seg enn t.d. tenestejenter. Om dei siste visste ein i alle fall noe sikrare at dei kunne å lage mat og stelle hus. Og det var viktig for mange menn på leit etter koneemne. Ein fordel for fabrikkjenter var derimot at dei var friare frå paternalistisk herredømme enn tenestejentene, men noen såg det òg som ein fare, friare kunne også bety lausare i forhold til moralske band.<sup>522</sup>

Berre på få månader hadde Minda altså vore innom fleire tenestejobbar, og flytta mellom foreldre, besteforeldre og ei tante. Til politiforhøra etter hendinga på torget hadde faren skaffa attestar både frå arbeidsgivaren sin og ein som hadde budd heime hos dei, som stadfesta at Minda var «*stille, pyntelig og redelig*». Det bildet var det få som trudde på etter at den saka ho no kom borti, var grundig bretta ut i avisene, og i folkesnakket i byen. Det «kom opp» litt etter kvart at ho var ei jente som alt i 14-årsalderen var kjent i byen for omgangen sin både med alkohol og menn. Formålet her er ikkje over hundre år seiare å finne ut kva av dette folkesnakket som var sant og ikkje, men å bruke dei kjeldene saka let etter seg, til å kaste lys over kulturelle brytingar i byen på den tida da Minda var ung og vanka i gatene.

Den kvelden i oktober 1888, da Minda gjekk forbi apoteket på torget midt i Trondheim, var ho på tur til tanta si for å snakke om flyttinga dit. Tidlegare på kvelden hadde ikkje tanta vore heime, ho hadde vore borte på eit vaskearbeid. I påvente av at ho skulle komme heim, gjekk Minda og dreiv litt i byen. Da var det ho vart stoppa av ein mann utanfor apoteket og lurt med inn.<sup>523</sup>



Torget, og Svaneapoteket til venstre, der Minda vart funnen ein haustmorgen i 1888 (bildet er udatert).

## Kva hadde skjedd om natta på apoteket?

Farmasøyten, ein ung mann med etternamnet Angell, vart kalla inn til avhør, og nekta først alt, men innrømte noe seinare at jenta hadde vore inne på apoteket om natta. Men han nekta for at noen hadde «*pleiet legemlig omgang med pige medens hun opholdt sig paa apotheket*». Dermed stoppa etterforskinga. Å få jenta undersøkt av lege vart berre snakka litt om på politikammeret, utan at det vart gjort.

Løytnanten drog straks dagen etter frå byen, truleg heim til Stjørdalen, der han var son av soknepresten. Til vanleg var han «sekondløytnant» ved den Trondhjemske Brigaden. Han var 24 år. Tidlegare på kvelden hadde han vore på ein konsert, og elles drukke ein del alkohol. Etter konserten tok han ein tur innom kameraten sin på apoteket, som hadde nattevaktt. Der fekk han kveldsmat og enda meir å drikke. Da det vart tale om at han skulle bli natta over på apoteket, gjekk han først ein tur ut, ifølgje si eiga forklaring med den «*bensigt at faa fat i Fruentimmer*». Der treftte han Minda, som han altså fekk med seg inn på apoteket. Kva som så skjedde, vart ikkje utforska, før lenge etterpå.<sup>524</sup>

For dagen etter var løytnanten altså reist frå byen. Og han vart ikkje kalla inn til forklaring hos politiet før mye seinare, da stiftsamtmannen tok saka ut av hendene på politimeisteren. Heller ikkje den tredje mannen, ein fotograf på

54 år, tidlegare brukseigar, vart henta inn til noe avhør. Han skal ha forlate apoteket nokså fort etter at Minda kom inn, seinare sa han at han gjorde det fordi han ikkje likte det som skjedde på apoteket.

Etter hendinga fortalte ikkje Minda noe til foreldra. Det var tanta til jenta som først fekk høre om det dagen etter, frå ein politibetjent. Heller ikkje ho fortalte det før etter ei stund til foreldra. Ei veke seinare kontakta tanta politiet for å høre kva som var gjort i saka, og ho kunne da opplyse for politiet at jenta var berre knapt femten år. Det innebar som politimeisteren sjølv skreiv i ein rapport, at «en utugtsforseelse med hende af denne grund vilde være straffbar». <sup>525</sup> Politiet svarte tanta med å vise til at det ikkje fanst noe bevis for at noe brotsverk var gjort mot jenta, og at saka derfor måtte «Henlægges». Og sidan løytnanten var reist frå byen, kunne ikkje politimeisteren ta opp forhør i annan kommune, som han sa. Dei same svara fekk mor til Minda da ho enda ei veke seinare kom på politistasjonen for å høre om noe meir var gjort med saka. Foreldra fekk hjelp frå redaktøren i Dagsposten til å skrive ein klage til politimeisteren, men heller ikkje det hjelpte. I løpet av dei neste vekene vart saka eit offentleg tema i byen.

Det framsto snart som nokså sannsynleg at jenta hadde vorte seksuelt misbrukt om natta på apoteket, og at politiet i høgste grad burde ha sett i gang etterforsking. Dette var eit syn som kom fram også da Dagsposten ein månad etter hendinga trykte ein artikkel om saka, og forlangte at stiftsamtmannen måtte sørge for å få sett i gang avhør.

I Dagsposten sin artikkel kom det fram at jenta hadde vorte lurt inn på apoteket ved at mannen sa at det var ei dame der inne som ville snakke med ho. Da ho kom inn, fanst inga dame der. I staden vart ho teke med inn på eit bakkrom, og tvinga til å drikke. Ifølgje artikkelen skal farmasøyten etter å ha innrømt at jenta var på apoteket, ha lagt skulda for alt dette på løytnanten, både for å ha lurt jenta inn, og for å ha skjenkt henne brennevin. Farmasøyten skal også ha fått løytnanten til å stadfeste denne versjonen i ei skriftleg erklæring, der han rett nok også påsto at han hadde følgt jenta ut på gata etter ei stund.

Etter ei tid gjekk stiftsamtmannen med på å ta initiativ til å få sett i gang avhør i «pikesaken». Der tilsto løytnanten også å ha gjort «Forsøg paa legemlig Omgang med Pigen». <sup>526</sup> Det var i seg sjølv straffbart så lenge jenta var mindreårig.

Det finst mye materiale frå saka i politiarkiva. Avhøra har det ikkje late seg gjere å finne i originalavskrifter, men avisene vigde saka god plass, og dei trykte alle forhøra i Mindasaka ordrett, med unntak av «den detaljerede beskrivelse af de forskjellige Utugtsforbrydelser og Forsøg derpaa». Det siste forbaud stiftsamtmannen og Departementet avisene å trykke. <sup>527</sup> 40 personar vart avhørde om «pikesaken». Saka etterlet seg såleis eit mangfaldig materiale

som vi her skal prøve å få noe meir ut av enn berre detaljar om kva som skjedde. Kanskje inneheld det spor etter viktige kulturelle prosessar i tida.

## Offentleg debatt og gateopprør

Dagsposten meinte at politiet hadde stoppa etterforskinga fordi jenta var «en simpel Pige, Datter af uanselige Forældre», medan dei mennene det handla om, var frå «de bedre stillede Klasser». Hadde forholdet vore omvendt, hadde jenta t.d. vore dotter av ein embetsmann, og vorte lurt på same måte av ein gjeng sluskar, da hadde det nok vorte anna låt i pipa om politiet hadde lagt saka bort såpass lettint. Her var det ikkje ein gong kalla inn ein lege til å undersøke om det kunne ha skjedd seksuelle overgrep, eller om det i tillegg til alkohol kan ha vore bedøvingsmiddel ho fekk å drikke. Sjølv om ein hadde gått ut i frå at jenta sov berre av alkohol, burde ho ha vore ført til lege. Å gå ut i frå at ingenting gale var skjedd fordi jenta ikkje kunne hugse noe, var i alle fall ikkje forsvarleg av politiet, mente avis. Her måtte det vere spesielle grunnar til at politiet ikkje ville gjere meir, og ikkje ein gong hadde innkalla løytnanten til avhør, sjølv etter at han skriftleg hadde erklært å ha vore med og skjenkt ho full. Kven trudde verkeleg at han hadde gjort det utan å ha visse «Hensigter»?

Avisa trekte inn enda eit forhold i argumentasjonen: politimeisteren hadde i det siste vore svært så ivrig til å gripe inn mot ein del «billeder som udbænges i Butik vinduer. Han har skredet ind mod Billeder, der knapt er saa blottede som anständige Damer paa Bal, og han har skredet ind mod Billeder af to badende Barn. Men nu naar det er spørsmaal om en Sædelighedsforbrydelse af den mest oprørende Beskaffenhed, nu henlægges Sagen uden nævneværdig Undersøgelse». <sup>528</sup> Her var altså fleire sider ved denne saka som er interessante i forhold til seinare tiders debattar om moral og kjønn i offentlege rom.

Eit par kveldar etter at denne artikkelen sto i Dagsposten, samlast ei gruppe menneske utanfor huset der politimeisteren budde, i andreetasjen i ein gard i Søndre Gate. Det var ein skytung men opplett kveld klokka ni. Huset til politimeisteren låg mørkt og stengt. For det første var det ikkje mye lys av gasslyktene, for det andre var alle vindauge i andre etasjen, der politimeisteren budde, svarte. Han hadde hørt kva som skulle skje, og gjømte seg. Det som her skjedde, var ein dels spontan, dels førebudd demonstrasjon. Dagen før demonstrasjonen hadde det gått eit rykte i byen om «at der vilde bli afholdt Pibekoncert udenfor Politimesterens Bolig. Der var dog faa, som troede, at der vilde bli Alvor». <sup>529</sup> Forfattaren Peter Egge, som var til stades, og som laga ei skildring av hendinga seinare, fekk ein anonym lapp på forhand om å samlast til pipekoncert mot politimeisteren klokka ni. Også Adresseavisen fortel

om anonyme brev med opprop om å møte på Lilletorget til demonstrasjon mot politimesteren.<sup>530</sup> I tillegg til Egge var det eit tjuetal andre som møtte fram – til å begynne med, før det heile voks.

Og dei peip, noen av all kraft med leppene. Andre bles i piper eller i hole portnøklar. Først let det spedt «*i den brede gaten*», skriv Peter Egge, «*enda vi pep av alle krefter*». Men snart strømte fleire til, lokka av bråket. Og eit og anna nabovindaugen vart opna. Folk ville sjå kva som var på gang. Så ropte ei kraftig röst «*Ned med politimesteren!*» Og andre følgde på, til det reine hylekoret. No var dei tjue som hadde starta, vakse til over hundre, skriv Peter Egge.<sup>531</sup> Ifølgje reportasjen om hendinga i Trondheimsavisa Folketidende vart Søndre Gate «*fylt med Mennesker fra Kreditbankens Gaard nedover til Strandgaden. Hoben begynte med at pibe og hyle, men gik derpaa over til Voldshandlinger ved at kaste Sten mot Vinduerne*».<sup>532</sup> Plutseleg singla det i glas, ein stein hadde treft eit vindauge i politimesteren sitt hus. «...*det hylende koret steg og sank i styrke som et knurrende og truende kjempedyr*».<sup>533</sup> Også steinkastinga auka på, og ramma snart vindaugsglas både i eit pianolager i første etasje under der politimesteren budde, i garden ved sida av, og i banken på andre sida av gata. Og ein politifullmektig som prøvde å kjøre inn i mengda med ei hestevogn, for å be folk gå heim, vart fort jaga bort med slag og tilrop. Uniformshuva hans vart funnen i rennestenen dagen etter. Først etter å ha gitt opp eit forsøk på å spreng seg inn porten til garden med felles trykk frå massen, nådde opprøret si fysiske grense.<sup>534</sup>

Etter eit par timer viste det seg at byen sine autoritetar likevel hadde mobilisert, ikkje politiet, men først brannvesenet, så militæret. Brannvesenet vart tilkalla for å sprute vatn mot folkemengda. Dei brukte tre vasslangar, «*hvor med de fra den paa Krydset af Søndre Gade og Dronningens Gade værende Vandkum tildelte Hoben et saa alvorligt Styrt, at Strøget fra Dronningens Gade til Lilletorvet paa det nærmeste blev ryddet*».<sup>535</sup> Da heller ikkje dette fekk folk til ro, kom ein tropp av elevar frå underoffiserskolen. Dei storma no inn i folkemassen frå Strandgaten, væpna med gevær (men utan bajonettar) som dei stort sett brukte til å slå eller støyte med, mot folkemengda som møtte dei med eit regn av stein. Borgarmeisteren kom samtidig med militærtroppene, han òg i uniform. Han las opprørsloven, fleire gonger, også med trugsål om at snart ville det bli skote med skarpt. Slik vart hopen litt etter litt brakt til ro. Militæret greidde langt på veg å rydde Søndre Gate, Thomas Angells gate og Lilletorvet, men stadig hagla det stein.<sup>536</sup> Ikkje før i halv to-tida om natta var «*Gaderne ryddige og Ordenen gjenopprettet*».<sup>537</sup>

Kvelden etter samla det seg igjen «*en storre menneskemasse*» i byen, no på torget og utanfor Svaneapoteket, for å demonstrere mot apoteket der affären med jenta hadde skjedd.<sup>538</sup> Men da var politistyrken forsterka og militæret

«*etter aftale med den kommanderende general (...) beredt til udrykning*».<sup>539</sup> Dette var no gjort kjent i avisene, også at soldatane ville bli utstyrt med skarpe skot.<sup>540</sup> Noen prøvde no òg å starte piping og roping, men da politiet patruljerte inni folkemengda, fekk det ikkje utarte seg. Politiet var forsterka med «*et anselig Antal Leiebetjenter, saa de uafbrudt krydsede inde i Mængden, der næsten ikke turde lade komme Lyd fra sig*».<sup>541</sup> Likevel auka folkemengda på utover kvelden. I titida rykte militæret ut og sperra av gata frå hjørnet av Svaneapoteket til politikammeret og frå hjørnet av Nordre gate til det andre hjørnet av Hornemannsgården. Følgja var at mengda av folk heldt seg rolege, og klokka eitt gjekk dei roleg heim.<sup>542</sup>

Dei som hadde leia opprøret to dagar før, satt no bak lås og slå. Men også denne kvelden vart nye «*fremtredende Spektakelmagere*» arresterte.<sup>543</sup> Enda ein kveld seinare skrev politimesteren i rapport til stiftsamtmannen at «*Byen og alt var rolig og stille*».<sup>544</sup> Slik skulle det vere. Folketidende skrev: «*Søndag Aften fant ingensomhelst Ansamling af Mennesker Sted nogetsteds i Gaderne*».<sup>545</sup>

Dagen etter opprøret følgde fleire arrestasjoner og lange avhør, med harde straffer som følgje. Hovudpersonane vart dømde til 1,5 til 3,5 år med straffearbeid, den største straffen vart seinare redusert til 2 år.<sup>546</sup> I alt vart 13 personar dømde for å ha vore med på opprøret, dels med bøter, dels med fengselsstraffar.<sup>547</sup> I løpet av hausten vart i alt bortimot 130 vitne avhørde om opptøyane<sup>548</sup>(desse avhøra har det ikkje late seg gjere å finne avskrifter av).

Samtidig vart saka gjort til tema i striden mellom dei politiske partia i byen, Venstre og Høgre, som berre få år før vart starta som noe nytt i det politiske livet i byen. For Adresseavisen og høgresida var opprøret uttrykk for «*vild Ødeleggelseslyst*», som berre måtte fordømmast.<sup>549</sup>

For dei konservative passa det godt å gi artikkelen i Dagsposten skulda for opprøret.<sup>550</sup> «*Dragesæden som Venstrebladene i en Del Aar har udsaaet, har nu baaret Frugt her i byen*», skrev Høgreavisa Trondhjems Aftenblad. Venstrekriftene sto for ei «*Nedrakning og Tilmudsning af Autoriteter og alt, hvad tilhører Orden i et Samfund*».

Også Adresseavisen meinte, sjølv om det der vart skrive noe meir forsiktig og innpakka, at opprøret var forårsaka av Dagsposten sin artikkel. «*Vi tror saaaledes at have paavist, at 'Dagspostens' redaktør ikke staar aldeles udenfor den Bevægelse, som endte med Voldsomhed og Ødeleggelse fredag Aften (...)* Det er neppe tvilsomt, at det er 'Dagspostens' Redaktør, der ved sit Skriveri har været en meget væsentlig Aarsag til de skede Optøier».<sup>551</sup> Seinare skrev avisat «*Det er 'Dagspostens' Redaktør og ingen anden, der har det moralske Hovedansvar for Uordenen*».

Spørsmålet var for Adresseavisen berre om Dagsposten hadde skrive sine

kritiske artiklar for å hisse til opprør, eller om det hos Dagsposten-redaktøren rådde ei naiv tru på at slike skrivelser ikke ville skape slik uro. I alle fall burde redaktøren ha skjønt at når han held fram med skrivinga si, «*saa leger han paa en uforsvarlig Maade med Ilden*».<sup>552</sup>

## Klassejustis

I Edvard Bull sitt bind om arbeidarrørsla si historie for denne perioden er denne «pikesaken» i 1888 trekt fram som eksempel på eit tidleg og spontant opprør bore fram av «*fiendskapen mellom klassene*».<sup>553</sup> På den eine sida viste saka korleis politiet og overklassen i byen godtok urett mot ei fattig jente. På den andre sida handla det om at lågare grupper i samfunnet mangla respekt og lydnad overfor autoritetane i byen.

Heilt nytt var dette for så vidt ikkje i Trondheim. I politiet si historie blir det fortalt om ei hending med liknande «euroligheter» hundre år før, i 1789. Trass i at det gjennom politiplakatar og «*offentlig ved Trommeslag*» var gjort kjent kor forbode det var «*at sammenløbe og samle sig paa Gaderne her i Byen, udenfor visse av dem udpegede Huuse*», så hadde slike skjedde fleire gonger «*i de senere Aarringer*», dels med «*voldsomme Udøvelser*».<sup>554</sup> Da òg var sosial misnøye og klassekjensler med i bildet. Og bråket skjedde samtidig med den franske revolusjonen, utan at det er kjent om det kan ha vore noen som helst samanheng. I det heile veit vi lite om det som skjedde i 1789.

I 1888 skjedde opprøret om «pikesaken» i ein annan kontekst, som var prega av viktige endringar: politikk og klassekjensler var i ferd med å bli uttrykt i organiserte former på ein fundamentalt ny måte, gjennom parti, avisar og offentleg debatt, der kjenslene og hatet også vart kopla til offentleg diskuterte prinsipp om likskap og rettar.

Fleire av dei samtidige kommentarane til opprøret i 1888 bygde på offentleg diskuterte og grunngitte klasseperspektiv. Blant anna gjeld det Arne Garborg, som i denne saka fann stoff til ein artikkel, der han kritiserte «*Den bureaukratiske Retsordning der gjennemfører Principet 'Ulighed for Loven', endog naar Loven selv hævder et modsat Princip*». Artikkelen er ein grundig argumentasjon om korleis rettsapparatet skilde folk etter klassar: «*Lovens forskjellige Opträden overfor de forskjellige Samfundsklasser kan observeres ikke blot ved Straf feudmalingen, hvor der ofte udtrykkelig tages Hensyn til 'Angjeldendes sociale Stilling' – man gaar nemlig ud fra, at den bedrestillede har for Ex. mere Æresfølelse end den underordnede, eller er mindre istrand til at taale for Ex Sult end han – det er den hele Justisbehandling som er forskjellig, eftersom sigtede tilhører den ene eller den anden af Samfundets to Hovedafdelinger*».<sup>555</sup>

Med denne artikkelen bidrog den for lengst anerkjente forfattaren Arne Garborg til debatten om saka i eit nystarta lokalt debattblad som dei enno ukjente diktarane Peter Egge og Arne Dybfest starta i Trondheim akkurat i dei haustdagane i 1888. Dybfest skreiv også ei skillingsvise om hendinga, som skal ha vorte sungen over heile byen i tida etterpå.

Også i Dagsposten sin kritikk mot måten politiet handterte «pikesaken» var klasseargumentet viktig. Og avisar var fullt klår over at det var noe fundamentalt i samfunnet ein her rokka ved, at ein var med på ei viktig endring. «*Paa Grund af Aarbundreders sociale Herredømme, tidligere Kulturperioders Litteratur, hævdvundne Traditioner og arvelige forestillinger, – de forskjellige Klassers hele Levevis, Opdragelse og nedarvede maade at omgaas paa, – i kraft af hele den aandelige Føde, hvoraf den nulevende Slægt har næret sig, sidder de bedre stillede Klassers Individer uwilkårlig og vanemæssigt inde med en dobbel Maalestok, en for 'fine' Folk og en for 'simple'*. Denne forskjel i Maalestokken ligger dem i blodet. De kan være hæderlige, retskafne Mennesker, men har levet sig ind i en Dobbelttankegang. De kan som oftest ikke selv for det, – undertiden ved de ikke engang selv om det». Heller ikkje politimeisteren «har (...) undladt at undersøge Sagen af Lyst til at gjøre Uret mod ringere Folk. Men uwilkårlig har han handlet ud af den uretfærdige Tankegang, der sætter de bedre stillede Klassers Interesser over de lavere stilledes». Og viktigast: dette sosiale mønsteret var noe Dagsposten og Venstre no erklærte kamp mot.<sup>556</sup>

Sjølv om Adresseavisen fordømde opprøret mest muleg som rein «Ødelegelseslyst» og kriminalitet, såg dei òg at det hadde ein viss samanheng med strømningar i tida som hadde med politikk og klasse å gjere. Avisa hadde observert korleis venstresida og Dagsposten i aukande grad appellerte til klassekjenslene: «*Der er i Løbet af Høsten faldt andre Udtalelser om, at netop Arbeideren og den fattige Befolking bliver foreholdt sin Ret; man har talt eggende Ord, advaret mod Arbeiderens Magt til at tage sig selv tilrette og fremført Arbeideroptoier som Eksempler og søgt at bibringe Arbeideren Bevidstheden om sin egen Styrke; og 'Dagsposten' har stadig beilet til de 'smaa og fortrykte i Samfundet' der formentlig har været egnet til opviglende Virkning*».<sup>557</sup> På liknande måte refererte Adresseavisen fleire gonger også det Dagsposten hadde skrive om at politiet nok hadde handla annleis om jenta hadde vore av høgare klasse, og mennene av lågare.<sup>558</sup> Altså erkjente høgavisa at klassekjenslene var den drivkrafta Dagsposten sine artiklar hadde løyst ut. For Adresseavisen gjorde det Dagsposten enda meir til oppviglaravis.

Ei tredje avis, Folketidende, som var radikal, gjorde eit poeng av at saka også på ein annan måte hadde vist klasseforskjellen i samfunnet. Da mora til Minda hadde kontakta politimeisteren for å høre om han ville gjere meir for å

granske saka, hadde han ikkje berre avvist det, men han hadde svart mora «barsk». Om det skreiv Folketidende at «*det er altfor almindeligt, at man blir ubøflig behandlet af offentlige Funktionærer, som man af en elder anden Grund er nødt til at benvende sig til.* Paa offentlige Kontorer er dette ‘Affeinings-system’ alt for meget i Gang. Det smitter fra de Overordnede til de Underordnede og er alt andet end Hyggelig. Man staar ligesom paa Gløder med Hatten i Haanden ligeoverfor en Embedsmand og blir mange Gange afvist baade fort og hensynsløst. Saadant sætter vondt Blod, og æder sig ind i Folk og er derfor af større Betydning end man tror. At der i Behandlingen af Folk gjores stor Forskjel er sikkert nok. En simpel Mand faar meget ofte en simpel Behandling, og omvendt. La det bli slut med dette (...). Fattig som Rig har Ret til at fordre en høflig og imøtekommende Behandling hos de offentlige Funktionærer».<sup>559</sup>

Opprøret var altså drive fram av fleire slags klassekjensler, og da bråket kom til utløp i gata utanfor huset til politimesteren, ser det ut til at det i stor grad var unge gutter av arbeidsfolk som sto i spissen. Blant dei som vart arresterte som «*Deltager i Opløbet*», fanst ein dreng, ein slaktargut, ein kaigut, ein elev på den tekniske skolen, ein «tjenestedreng» og ein fiskar. Om fire av dei står notert alder, dei var 16, 19, 20 og 25 år.<sup>560</sup> Den eine av desse, som vi skal høre meir om, var slaktarguten Severin. Han var fødd i Namsos i 1869, og var som Minda barn av ein skreddar. Han hadde vore i byen i to år, og hadde hatt arbeid hos fleire slaktarmeistrar (ikkje hos den slaktaren som Minda var ei veke hos).<sup>561</sup>

Men eit reint arbeidaropprør var det ikkje. Dei anonyme breva som hadde starta det heile, var sende ut av ein eldre kjøpmann Holm. I avhør seinare påsto han at han ikkje hadde venta at demonstrasjonen skulle utvikle seg så voldsmot som den gjorde.<sup>562</sup> Holm finst heller ikkje blant dei som vart arresterte for aktiv deltaking i opptøyene. Men i ein oversikt over dømde, står han oppført med ei mindre bot for «*Anstiftelse af Gadeuorden*».<sup>563</sup>

I politimesteren si skildring av opprøret og av arrestasjonane av dei mest aktive i gata, er det interessant å lese kva han skreiv om eleven på den tekniske skolen, som den einaste arrestasjonen han fann trøng til å grunngi nærare: «*jeg skal bemerke at jeg fandt at burde belægge ham med arrest da han den foregaaende Nat havde været en af anførerne ved stenkastningen og forsøget paa at sprænge porten til min bolig.*» Sjølv om det var det same dei andre arresterte hadde gjort, er det tydeleg at politimesteren kjende trøng til å forklare nærare kvifor det til og med var ein teknikarelev mellom dei arresterte. Om dei andre står ikkje noe tilsvarende.<sup>564</sup>

Sjølv om opprøret kan seiast å ha sprung ut av provoserte klassekjensler, og sjølv om det hatet var sterkt, var heile hendinga prega av usikker framferd.

Ein del av deltakarane har også skildra det etterpå: «*Jeg var ingen helt*», skriv Peter Egge. «*Jeg unte politimesteren all den pipingen han kunne få; men jeg hadde ingen trang til å bli arrestert*». Da den første glasruta singla, trekte han seg bort frå plassen og stilte seg opp for å sjå litt på avstand.<sup>565</sup> Egge si skildring ber preg av engstleg deltaking i noe som sprang ut av sterke kjensler, men som ein ikkje visste konsekvensane av. Det gjorde heller ikkje den kjernen av kompromisslause i flokken, som ikkje ville gi seg utan kamp. Opprøret var knytt til viktige endringar i tida, men bar preg av sped og uvoren start på det som var i emning. Sjølv om det var sendt ut anonyme brev til ei slags «mobilisering», finst ikkje spor etter strategisk plan, verken frå noen i opprørsflokkene eller frå Dagsposten, som truleg vart like overraska som politiet over den forma opprøret fekk.

Det er truleg mye rett i å karakterisere opprøret, som Garborg gjorde i samtid og Bull i ettertid, som eit slags klasseopprør. Men enda meir interessant er det at saka viser korleis dette no var ledd i ein endringsprosess, og at det trass i dei eintydige klassekjenslene som kom til uttrykk, handla om meir enn det.

## Moral som sosial eigenskap og offentleg tema

I staden for å innkalte fleire som hadde vore på apoteket om natta til avhør, tok politimesteren kontakt med apotekar Brun, arbeidsgivaren til farmasøyten. Om det skreiv politimesteren: «...underrettet jeg apoteker Brun hermed. Saavæl han som hans provisor Dahl gav pharmaceut Angell et udmærket godt skudsmaal, hvilket ogsaa bestyrkede min antagelse af at her ikke forelaa andet end en vild natlig orgie, en skandlesag, som alle i den deltagende parter var bedst tjente med ikke rørtes videre ved».<sup>566</sup> Dette tyder på at når politimesteren tok beslutninga om å ikkje gjere meir med saka, var det mellom anna basert på ei vurdering av farmasøyten sine moralske eigenskapar, og på tillit til apotekaren sitt ord om dei.

Apotekaren vart seinare også kalla inn til avhør i saka. Da han sjølv fekk høre «*leilighetsvis paa Gaden*» at det «*den omhandlede natt skulde have været en Pige inde paa Apoteket, og som var bleven drukket fuld*», hadde han først trudd det var oppspinn. Og da han straks hadde spurt farmasøyten, nekta han først for alt, som han hadde gjort til politiet. Apotekaren hadde likevel god tru på farmasøyten. Han hadde vore på apoteket berre eit par månader, men frå den apotekaren han hadde vore i teneste hos før, var han «*særdeles vel anbefalet*».<sup>567</sup> Verken apotekaren eller politimesteren ser såleis ut til å ha hatt noen solid kjennskap til farmasøyten som grunnlag for sine vurderingar. Både for apotekaren og politimesteren ser likevel yrke, og status og ry i kraft av po-

sisjon i yrkeslivet, ut til å vore sett som høgst relevant å bruke som grunnlag for å vurdere farmasøyten sin moral – også i ei sak som hadde med seksuelle forhold å gjøre. For det første ga alt dette tydelegvis grunn til å tru at ein her hadde å gjøre med menn med god moral, for det andre, om dei hadde vore med på ein «skandalesag», ga det grunn til å ikkje gjøre meir for å granske ho – altså posisjon i yrkes- og samfunnsliv som grunnlag for både moralsk *tillit* og ein viss *immunitet*.

Like sikker og førehandsinnvilga som politimeisteren sin tillit til apotekaren og farmasøyten, var *mistilliten* hans til Minda og det ho sto for. La oss igjen lese kva politimeisteren skreiv: «*thi det har vist sig, at hun har et gandske usedvanligt slet rygte idet hun som det formodentlige ogsaa er konstateret under forboret baade skal være lognagtig, glad i det stærke, naar saadant bydes hende og løsagtig, og det har visselig ikke været nødvendig hverken at lokke pigen ind paa apotheket eller der at anvende bedøvende midler for at faa om nogen vilde have sin vilje med hende, da hun at dømme efter hendes tidligere eller Liv vistnok var altfor villig baade til det ene og det andet. Min antagelse at der paa apotheket bin nat har fundet en vild orgie, der i og for sig vekte min dybste indignation, men ingen strafbar handlig sted, idet jeg forudsatte at pigen var over 15 aar gammel, blev saaledes fuldt bestyrket*».<sup>568</sup> Her vart eit bilde av Minda si fortid, bygd på rykte, brukta som grunn til å slå seg til ro med at ingenting ulovleg var gjort mot ho. At også farmasøyten ope hadde loge til politiet, ved først å nekte for at jenta hadde vore inne på apoteket, vart på ingen måte brukta til å dra liknande konklusjonar om *hans* moral.

La oss lese meir av politimeisteren sine vurderingar av Minda: «...*hun maatte være vant til at færdes ude om nættene og at have oplevet noget af hvert, idet hendes ... maade at te sig paa gav indtrykket af at ikke noget særliges usædvanligt var vederfaret hende. Hun tog nemlig den hele sag meget roligt, medens det vilde have været en selvfolge, om hun havde været en uskuldig eller sædelig pige der var bleven forført at hun havde været nedbøjet og yderst ulykkelig over den situation hvori hun befandt sig. Der var derfor efter min mening hvor stodende jeg end fandt tilfældet og hvor indigneret jeg blev ved dette ikke nogen grund til at tro at her forelaa nogen forbrydelse, iafall ikke af den beskaffendhet at politiet af egen drift skulde skride ind*». Vidare i eit anna skriv: «*thi den omstendighed at en pige er tilstede ved en natlig orgie om denne ogsaa gaar for sig paa et apothek og at hun derunder bliver hvad man kalder død-drukken, involverer dog ikke nogen forbrydelse*».<sup>569</sup> Det politimeisteren var indignert over, var at apoteket var brukta til vill orgie, ikkje at jenta kunne ha vore utsett for eit overgrep.

Apoteket var ikkje eit kva som helst privat hus, men eit offentleg hus. Bakrommet var likevel truleg i ei mellomsone; det var ikkje så privat at farmasøy-

ten kunne arrangere dei orgiane han ville der, og ikkje så offentleg at det i seg sjølv ga grunn til å gripe inn, slik det ville ha vore om liknande orgiar hadde utspelt seg på «open gate».

Det dårlege ryktet til Minda vart snart gjort fullt offentleg i fleire aviser. Trondhjems Folkeblad skreiv eit par dagar etter opptøyene at «*Det er (...) fra flere Kanter berettet, at Pigen ikke har noget godt Rygte*».<sup>570</sup> Dagsposten såg anndeis på det: at ei jente på under femten år vart hengt ut offentleg som et «*allerede udsvævende Fruentimmer*» var noe av det som opprørte folk mest ved saka, ifølgje Venstre-avisa.<sup>571</sup>

Minda si fortid kom til å bli eit hovudtema i dei avhøra som endeleg vart sette i gang etter pålegg frå stiftsamtmannen, og dei vart trykte i fleire aviser, også Dagsposten. Den første som tok opp Minda sine moralske eigenskapar i avhøra, var löytnanten. Til sitt «forsvar» sa han at han hadde *hørt* på byen at det var «slik» ho var. Deretter følgde avhør etter avhør av politibetjentar som hadde hørt det same. Ein av dei hadde sett jenta på byen før, og «*gjort sig den Tanke, at hun var forfløien, men noget positivt ufordelagtigt om hende vidste han ikke da*». Først etterpå hadde han hørt av to andre politibetjentnar at ho visstnok skulle vere «usædelig». Ein annan sa at «*Pigen havde et noksaa freidigt Udseende og var temmelig fri i sin Optreden, hun var ikke det ringeste betuttet over Nattens Begivenheder, saavikt Deponenten (vitnet) kan huske (mi uth)*». Om Minda fanst ingen sosial posisjon i yrkeslivet å knyte moralske vurderingar til, om henne vart desse i staden baserte på rykte på byen, og ytre kjenneteikn, og mest interessant: alt dette vart så knytt til hennar person.

Så kom det store beiset: vaktmeisteren på fengselet hadde der hørt ein av leiarane for opprøret mot politimeisteren, slaktarguten Severin, som var den som fekk lengst straff for deltagning i opprøret, fortelje rett ut at han hadde «*pleiet legemlig Omgang med Pigen*». I seinare avhør stadfesta Severin at dette stemte.

Derved var to viktige aktørar i saka og opprøret kopla saman på ein interessant måte – som nesten hørest som eit litterært knep for å sette historia på spissen, men det er sant: Ungguten frå slakteriet som no skulle straffast for å ha vore frontfigur i opprøret mot politimeisteren, og den usedelege jenta «frå gata», som no vart straffa for å vere *det* gjennom offentleg uthenging. Begge hørde dei til det same sosiale sjiktet, til og med hadde dei begge arbeidd på slakteri, og begge hadde dei brote med rådande moral eller reglar, og bidrege til offentleg utskjemming eller vandalisme mot representantar for byen sin elite og samfunnet sin orden.

I utgangspunktet gjaldt saka om menn frå ein «betre» del av byfolket hadde gjort seg skuldige i seksuelle overgrep mot ei jente. Det vart aldri bevist, knapt nok granska. No sto ein av leiarane for opprøret mot politimeisteren fram og

innromte å ha gjort akkurat det som løytnanten for så vidt i avhøra tilsto å ha prøvd, men nekta for å ha utført. Opprørsleiaren hadde altså sjølv gjort den ugjerninga som opprøret hadde vore retta mot. Eller sagt annleis: såg ut til å vere retta mot. For kanskje tyder dette på at opprøret ikkje var så mye sprunge ut av solidaritet med jenta, eller harme over den seksuelle misbruken av henne, som av hat mot politiet – i alle fall hos dei unggutane som var mest aktive i gata.

Ein svært stor del av avhøra i saka kom til å handle om Minda sitt forhold til moral og umoral, meir enn om kva som hadde hendt på apoteket. Som Dagsposten skreiv etter forhøra: «*Politifunktionærer har været Byen rundt for at snuse op Personer, som har hatt med hende at bestille*».<sup>572</sup> Etter kvart kom det også fram andre som i avhør erkjente «*at have hatt med Pigen at bestille med hendes fulde Samtykke*». Blant desse var også ein annan slaktar gut, som innrømte å ha hatt samleie med jenta, etter å ha «*truffet hende paa Gaden*», og «*af Omtale hørt, at hun var løsagtig*».<sup>573</sup>

Å innrømme dette offentleg i avhør med politiet, ser heller ikkje ut til å ha vore vanskeleg for dei unggutane det gjaldt. Det handla om vitnemål som først og fremst ser ut til å ha «stadfesta» at jenta var usedeleg, ikkje gutane.

Også kona til den slaktaren som Minda var i teneste hos ei veke etter apotekhendinga, hadde fortalt at da ho var der, «*var hun meget forfløien, idet hun istedet for at udføre sit Arbeide hellere vilde være i Slagterværkstedet og fiase med Slagtergutterne*». Og da ho vart oppsagt frå slakteriet, fekk ho 80 øre i betaling, som ho straks kjøpte øl for, som ho «*fortærede sammen med Slagtergutterne, og blev hun da saa fuld at hun teede sig som en anden ‘fintøite’*», ifølgje «Madamen» til slaktaren. Ho var i sitt avhør tydeleg ute etter å grunngi det at ho hadde sagt opp jenta etter så kort tid. Ho påsto til og med at ho hadde hørt jenta fortelje sjølv ho hadde fått betaling «*for Aftenen paa Apoteket*».<sup>574</sup>

I retten var desse rykta og vitnemåla noe Minda vart ope konfrontert med. Først, før Severin og dei andre unggutane sto fram, svarte ho at ho aldri hadde hatt noe usommeliggjørlig å gjøre med noen mannsperson.<sup>575</sup> Her fekk ho også støtte frå tanta si, som «*aldrig før det Passerede (har) vidst eller hørt Tale om at Pigen nogensinde havde gjort sig skyldig i nogen letfærdig Adferd; nu bag-efter har hun hørt dette ‘siges på byen’*». I den tid jenta hadde budd hos tanta, «*mærkede hun ikke, at Pigen havde nogen Lyst til at være ude og føite paa Gaderne; hun gik aldrig ud, uden hun havde et specielt Ærinde at gaa efter*».<sup>576</sup>

Til slutt innrømte Minda også at fleire av dei vitna som hadde erklært å ha hatt samleie med ho, hadde snakka sant, og at ho hadde gjort det frivillig.<sup>577</sup>

I lesinga av avhøra, får ein på dette stadiet nesten ei kjensle av at «saka» på ein måte var «oppklart». Den moralske skulda, i alle fall skamma, var plassert

hos ho som i utgangspunktet var «usedelig». Dermed vart sokelyset dreidd bort frå det som hadde starta det heile, løytnanten og hendingane på apoteket. I kraft av sine moralske eigenskapar – og posisjon – gjekk dei fri. For Minda var det omvendt: i kraft av sine umoralske eigenskapar – og person – vart ho på ein måte plassert i tiltalte sin stad. I ei utanbys avis vart dette etter offentleggjeringa av avhøra omtalt slik, nærmast som *konklusjon* på saka: No var det «*godtgjort (...) at hun til forskjellige Tider med fuldt Samtykke hadde bedrevet Utugt med flere Mænd*».<sup>578</sup> Dermed var alt sagt. Minda var subjekttet, mennene objektet. På liknande måte var Adresseavisen sin konklusjon etter at avhøra vart kjende, at «*Det maa ansees for konstateret, at vedkomende Pige er i høieste Grad upaalidelig*». Og Adresseavisen retta dette mot Dagsposten, som da i lang tid både hadde forsvarst jenta, og trudd på det ho hadde sagt. Dagsposten hadde late henne spele «*Heltinderolle i det Drama*» som Venstre-avisa hadde sett i scene gjennom oppviglarartiklane sine.<sup>579</sup>

Oppi all debatten om moral og skuld, om det var løytnanten, jenta eller politimeisteren som var mest å laste, reiste Folketidende eit *anna syn*. Skulda låg hos «*Stærkdrikken*», «*thi havde ikke Løitnantens Hjerne været saa omtaaget af Drik den Gang, saa havde ikke Trondhjems By behøvet at være Skuepladsen for slige Begivenheder*». «*Hvorom alting er, Brændevinet har, som vi ser, ogsaa i dette sorgelige Drama spillet Hovedrollen*».<sup>580</sup>

## Kvinneleg og mannleg

Det Minda si tante sa til Minda sitt forsvar, må kunne lesast som uttrykk for eit ideal: ei 14 år gammal jente skulle ikkje «*føite paa Gaderne*».<sup>581</sup> Med det må ho ha meint noe meir enn det å reint fysisk *vere* på gata, t.d. i samband med leik og samvær med andre ungdomar. «Føite» er vanskeleg å oversette, men det gir tydeleg assosiasjon til negativ og umoralsk framferd, noe vilt og ustyrleg. Samtidig blir den mest fullstendige og tryggast garderte gjennomføringa av idealet også sett som å halde seg fysisk *borte frå* gata, om ein ikkje hadde spesielle ærend der. For ei jente betydde det altså at ho berre ved å opphalde seg «på gata» stilte seg lageleg til for den moraliserande offentlege praten. Ved å gjøre det, leverte ho i alle fall potensiell ammunisjon som kunne mobiliserast viss den same jenta også gjorde noe anna folk fann umoralsk. Da var forholdet hennar til «gata» i sokelyset. Og det forholdet var ikkje det same for jenter og gutter.

Minda-saka handla like mye om kjønn og moral som om klasse, og dei to dimensjonane var vøyne i hop på ein måte som vanskeleg lett det eine skilje frå det andre. Som Dagsposten skreiv noe seinare, etter at det i forhøra var avslørt

at jenta alt frå før av var «usædelig»: «*Det er dem som mener at den mærke-lige Sag ikke længer er saa mærkelig, efter at det er kommet frem at Pigen har ført et usædelig Liv. Det var jo en Toite, siger man. Men Loitnanten, hvad var han? Kavallerer som opsoeger usædelige Kvinder,- tar dem ind fra Gaden,- drikker dem drukne og lever sammen med dem – er de saa meget bedre end disse Kvinder?*»

Spørsmålet var retta som kritikk mot tendensar til å frikjenne menn for handlingar som kvinner vart fordømde for. Samtidig tyder problemstillinga i seg sjølv på at umoralen hos menn lettare kunne vegast og målast også etter kor usedelege kvinner dei var umoralske med. I alle fall var det eit moment å ta med i forsterkande eller formildande lei. Medan det umoralske ved ei kvinne si åtferd lett vart sett som ein eigenskap ved *ho*, slik *var ho* berre, vart den same umoralen for menn ikkje så lett tolka som eigenskap ved personen, men ved *handlinga*, og dels den *kvinna* han var umoralsk *med*. Den kvinna sine eigenskapar som usedeleg eller ikkje var altså viktige moment i vurderinga av umoralen i mannen si handling, ikkje omvendt. I den offentlege vurderinga av Minda sin moral finst det ikkje spor etter tilsvarande leiting etter personlege eigenskapar hos løytnanten.

Dagsposten peikte vidare på at menn kunne riste av seg det umoralske ved å gå «tilbake» til sine vanlege posisjonar i samfunnet på dagtid: «*Kavalleren finder man kanske Morgen-en efter paa sin Plads i Samfundet, omhyggelig antrukken, alt i orden. Kontormanden til kontortid ved sin Pult og sit dobbelte Bokholderi, Ægtemanden i Familiens Skjød, Officeren i himmelblaau Uniform ved Paradebønnen i den Aarle Morgen. Men Pigen finder man kansje henslængt paa Gaden*».<sup>582</sup>

Dette kan lesast som ein interessant samfunnskritikk frå 1880-åra. Samtidig kan ein lese teksten som uttrykk for kulturelle kodar i tida. Da handlar det om at menn hadde posisjonar i samfunnet, som dei i tilfelle av umoralsk åtferd tok utflukter frå, men kunne vende tilbake til. Ei jente som gjorde det same var usedeleg, og ho var ikkje på utflukt frå noen posisjon i samfunnet, ho *var frå gata*. Her var ho det også bokstaveleg tala, for frå gata vart Minda henta, og dit vart ho lagt (tilbake) etterpå. Mindre bokstaveleg tala, men like rimeleg tolka, var det tydeleg at ho i kraft av eigenskapen «usedelig» også *hørde til* «gata». I alle fall mangla ho ein posisjon i samfunn eller familie å vende tilbake til. For jenta var det usedelege ein eigenskap, inga utflukt.

La oss leite vidare i den same avisteksten. Ifølgje Dagsposten var det mange som sa at det som hadde hendt Minda, eigentleg var nokså daglegdags. I så fall meinte avisat «*Hvis Usædeligheden har grebet slig om sig, og er saa udbredt, at det er en hverdagslig ting, at Kavallerer tar ind til sig Piger fra Gaden, den første og den bedste...*». Da var det ille. Ikkje berre viser desse formuleringane

korleis menn i denne rolla let seg omtale som «Kavallerer», det viser også at dei same kor mye dei sjølle først var på gata, fysisk sett, og så tok med seg ei jente inn i eit hus, blir omtalte som om deira utgangspunkt var *inne*, og at dei henta jenta «fra Gaden» og «ind til sig», altså inn dit dei – i denne samanhengen – hørde til, inne i hus. At dei jentene dei tok «ind til sig», var «piger fra Gaden», må såleis forståast metaforisk, med referanse til bestemte moralske eigenskaper ved jentene, og for så vidt både ved «gata» og «inne».

Vidare står det: «...da skulde vi tro, der er saa meget større Grund til at Gibe ind med Kraft for om muligt at sætte Grændser for den begyndende Samfundsforraadnelse». På ein måte ligg det her nær å tenke seg at *ei grense mellom sunt og usunt gjekk mellom hus og gate*, og at det var når noe usedeleg «frå gata» vart ført «inn i hus», at det vart verkeleg farleg – også for «samfunnet» (der menn hadde posisjonar, og moralske eigenskapar i kraft av dei).

I Mindasaka handla det heller ikkje om noe kva som helst slags hus, men langt på veg eit offentleg hus. Og, om ein tenker etter: apoteket var eit ærverdig hus midt i byen der ikkje berre høgt akta yrke vart utøvd, men eit hus som sto for ein front mot det sjuke, usunne og ureine. Det kan i denne samanhengen ha sett det skitne og usedelege i det som hadde skjedd i eit ekstra tydeleg lys. At det usedelege hadde skjedd på eit apotek, kan ha verka ekstra opprørande, og det kan ha vore ein ekstra grunn til den «Indignation» også politimeisteren kjente, men ikkje fann grunn til å gjere meir med.

Vidare var dei mennene som her hadde henta skamma frå gata inn i dette huset, ikkje berre apotekaren, men ein representant for forsvaret av land og samfunn, ein løytnant. Desse mennene representera på dagtid to viktige funksjonar for «samfunnet», for å halde det sunt og fredeleg. Dei rollene hadde dei her teke ei *utflukt* bort i frå ved å la seg freiste av ei jente som attpå til var usedeleg. Dei var ikkje usedelege, men handlinga deira vart det gjennom kontakten med ho, som var usedeleg.

«*At Pigen har levd et usædelig Liv, forværret Sagen for hende; hun personlig taber megen Sympati. Men det forbedrer kun saare lidet Sagen for Loit-nanten, og for Politimesteren aldeles intet. Thi ingen af dem kjendte hendes Fortid*», skreiv Dagsposten. På ein måte ligg det i dette at dei handla utan å vite at ho eigentleg var den skuldige, altså var løytnanten umoralsk mot ei jente som godt kunne ha vore sedeleg, og politimeisteren let vere å granske nærrare noe som kunne ha vore eit brotsverk mot ei skikkeleg jente. At ho etterpå viste seg å ikkje vere noen av delane, fritok dei ikkje for å ha handla så umoralsk som det ville ha vore om ho verkeleg hadde vore sedeleg, meinte Venstre-avisa.

Det usedelege ved jenta hadde altså to betydningar: på ein måte gjorde det skamma sterkare for den som hadde hatt seksuell omgang med ho, han var på ein måte avslort som jeger etter billig eller forderva byte. På ein annan måte

reduserte det *skulda* hans, og særleg ville det ha gjort det om han hadde visst kor skuldig ho var på førehand, som den usedelege jenta frå «gata» ho var.

«Gata» var ein stad for umoral, og i 1880-åra heva fleire royster seg mot det dei meinte var i ferd med å bli stadig verre i så måte. Ein ting var at gata vart tilhaldsstad for usedelege jenter, og at skikkelege menn let seg lokke ut på umoralske utflukter frå elles skikkelege posisjonar i samfunnet. Eit problem var dette også for kvinner som var skikkelege. «*Den offentlige Sikkerhed er her i Byen for Tiden ikke meget stor. Der klages stadig over, at skikkelige Kvinder ikke kan gaa i fred paa Gaderne om Aftenen. Pigejægeriet er i fuldt Flor*», skreiv Folketidende seinare på hausten 1888. Og her var mennene subjektet: «*Det er for galt, at skikkelige Kvinder ikke skal kunne komme paa Gaden om Aftenen uden at bli antastet og skrämt av slige uværdige Subjekter, der oftest tilhører Byens saakaldte 'bedste Folk'. Blir det ikke anden Raad, saa faar man offentliggjøre vedkommendes Navne til Advarsel for skikkelige Folk*.»<sup>583</sup> Her er det interessant å sjå korleis «bedste» var eit klasseuttrykk, medan «skikkeleg» meir handla om moral. Og begge dei to uttrykka kunne brukast til å skilje mellom to typar av både menn og kvinner. I bildet av «gata» som moralsk kamp- og jaktfelt fanst kvinner både som usedelege og skikkelege, og menn både som «uværdige» og skikkelege. Dei skikkelege var sett som potensielle offer for det andre kjønn enten dei var menn eller kvinner, om enn på ulike måtar. Skikkelege kvinner var utsette for uverdige jegerar, skikkelege menn var utsette for usedelege jenter.

At skikkelege kvinner skulle halde seg borte frå gata, kunne også gjerast til eit tema når gatene no vart tekne i bruk til opprør. Det vart aktualisert eit par dagar etter gateopprøret mot politimeisteren. Da dukka det opp eit rykte om at to av byen sine «bedre damer» hadde teke del i pipinga. Om dette hadde det visst også komme inn ei anonym melding til politikammeret, men der vart det dyssa ned. Plutseleg visste ingen om den anonyme meldinga. Kan ho ha komme bort? Kan det ha vore ei side ved opprøret som stemte for därleg med bildet av eit pøbelopprør, og med bildet av «bedre damer»?

Dette vart ikkje enklare da to kjente sakførarar og elles leiande menn i byen dukka opp på politikammeret med spørsmål om det stemte at politiet hadde fått melding om to damer i opprøret, som var hustruene deira. Ein av dei to sakførarane var Jacob Lindboe, leiar for Venstre i byen, og få år seinare stortingsmann for partiet. Kona hans var dotter av Anton Jensen, leiande næringslivsmann i byen.<sup>584</sup> Den andre var Olaf Løchen. Han var overrettssakførar, og elles ein såpass sentral figur i byen at han frå 1900 vart tilsett som «ajungeret borgermester» i byen, med ansvar for fattigvesen, skolevesen og helsevesen.<sup>585</sup>

Den fungerande politimeisteren (som verka i staden for den faste i oppfølginga av opprørssaka) innrømte å ha fått eit anonymt brev om «et par av



Kvinner på gata. Korleis var dei? Frå Dronningens gate omkring 1880–1890.

byens bedre damer», men det hadde «forkommet fra ham». Dessutan meinte han å hugse at damene ikkje var namngitte. Dei to sakførarane var rasande og skulda politiet for å ha bidrege til rykta om hustruene deira. Deretter kom det fram at også andre på politistasjonen hadde hørt frå «en trediemand» «at fruene Lindboe og Løken etter rygetet skulde have deltaget i pibningen». Dette ga dei to sakførarane blod på tann. Dei ville både etterforske kven som hadde spreidd ryktet, og stille politiet til ansvar for å ha handtert hustruene deira slik at dei «føler sig bristholdne».<sup>586</sup> Kva som låg i det framande ordet, vart ikkje konkretisert. Men det kan hende at politiet i ein tidleg fase faktisk også hadde starta ei viss undersøking omkring dei to damene, inntil dei fekk høre frå mennene deira. Det hadde dei to advokatane mistanke om hadde skjedd.<sup>587</sup>

Politimeisteren «forsøgte da at forfölge dette rygten for muligens at komme etter dets ophav, men han kom snart til den overbevising at Rygetet savnede grund, hvorfor han opgav efterforskingen». Dessutan: «rygetet var almindelig udbredt idet det under andre af han i anledning optøyerne anstillede undersøgelser, oftere hendte at folk uden nogen foranledning fra hans side, omtalte rygetet».<sup>588</sup> Politiet forsvarte seg her mot den alvorlege skuldinga om å fare med sladder om hustruene til to autoritetar i byen, ved for det første å forsikre om at dei ikkje trudde noe på ryktet, for det andre ved å vise til at det same ryketet var kjent på byen frå før.

Same kor «allment» utbreidd ryktet var, vart det ikkje funne grunn til å tru såpass på det, at dei to damene burde kallast inn til avhør, sjølv om 130 andre

vart avhørde i samband med opprøret. Her er det tydeleg at tilliten til damene sine gode namn og klasse var sterkare enn tilliten til det folk flest på byen meinte å vite. Så da den anonyme meldinga kom, fann politimeisteren «*efter hvad han allerede havde erfaret, ikke grund til at foretage nogen undersøgelse i anledning skrivelsen, som han ikke offrede nogen opmærksomhed.*»

Politimeisteren heldt fram i forklaringa si: «*Uagtet jeg enn tidligere anført har holdt mig fuldstændig udenfor de paagaaende Undersøgelser, skal jeg erbodigst tillate mig at bemærke at jeg ikke kan skjonne at der fra de Herrer Lindboes og Løkens side findes nogensomhelst befut grund til at anke over politiets optreden. Det forekommer mig, at det havde været ganske anderledes hensynløst straks at have henvendt sig i de nevnte fruenes hjem, og at det omhandlede rygte skal være udbredt ved og have vundet tilløb ved politiets optræden, tror jeg ikke.*». Omsynet til dei to sakførarane sine *heimar*, talte for å ikkje sette i gang noen nærmare granskning av dei to damene.<sup>589</sup>

Fra dei to advokathustruene sjølv finst ikkje spor i noen kjelder. Og sjølv sagt let det seg ikkje på noen måte avgjere om dei verkeleg var med på pipekonserten i gata. Sidan dei var hustruer av kjende og mektige menn, den eine leiande i det nye Venstrepartiet, og med ambisjonar i den nye politikken, er det ikkje utenkeleg at noen hadde funne ryktet nytig for å svekke ein politisk konkurrent i byen. Det kan for så vidt ha vore tilfelle same om kona hans verkeleg var med eller ikkje. Lindboe hadde berre eit par år tidlegare lege i bitter strid med Høgre og Adresseavisen, der han vart skulda for å ha spreidd usanne påstandar om at Høgre i samråd med kongemakta hadde planlagt statskupp mot parlamentarismen. Adresseavisen hadde fleire gonger prøvd å ramme Venstre ved å drive kampanjar mot Lindboes «*gode navn og rykte*».<sup>590</sup>

Lindboe var altså på ein måte sjølv ein opprørar i byen, men han ville slett ikkje bli identifisert med det opprøret som skjedde mot politiet i Minda-saka. Noe anna som sjølv sagt er muleg, er at dei to kvinnene verkeleg kan ha representert eit gryande feministisk engasjement blant velståande kvinner i byen, og at dei i så fall har kjent seg opprørte over skjebnen til jenta på torget. Men sjølv om det kan ha vore tilfellet, ville det ha vore nokså grensesprengande om dei hadde brukt gata til å ytre seg offentleg om ei sak som dette. Sterke konvensjonar i tida sa at kvinner «*hadde (...) ingenting i en offentlig diskusjon om sedelighet å gjøre. Ved bare å være til stede satte de sin kvinnelige øre på spill*».

Det skriv historikar Gro Hagemann om da kvinner nettopp i 1880-åra begynte å gå på møte der slike spørsmål vart diskuterte offentleg.<sup>591</sup>

Men same korleis det verkeleg kan ha vore: når mennene deira gjekk til aksjon, forheldt damene seg tause. Dei kontakta i alle fall ikkje sjølv politiet. Dette var ei sak for mennene. Og det er grunn til å tru at det var dei som kjende det som si oppgåve her å forsvara seg sjølv og heimane sine. Det var *deira* øre

som var skadd, og det var det som truleg var den viktigaste grunnen til at dei no gjorde opprør – på sin måte. Dei kan her tolkast som handhevarar av ei *mannleg øre* som det var særleg viktig for dei som velståande og kjende menn i byen å verge. Å «ha» kvinner som ikkje tok del i offentlege opprør, var her ein del av ei *mannleg øre*. Dette var ei øre dei to kvinnene hadde sett i fare, viss dei hadde gjort det som ryktet sa, og teke del i eit offentleg opprør i gata. Enda ein gong var kvinnene sitt forhold til «*gata*» – her som politisk felt – eit avgjande element i bevaringa av ei *mannleg øre*.

Her er vi inne i eit felt der det i 1880-åra var i ferd med å skje faretruande endringar, ved at kvinner tok del i offentlege debattar på nye måtar, og til og med var med på pøbelopprør i gatene. Vi veit ikkje kor mange kvinner som var med på opprøret mot Minda-saka, berre at både kvinner og menn var med: Folketidende skreiv at «*Af Urostifterne var naturligvis en stor Del halvvoksne Gutter, men der fandtes dessverre ogsaa Mænd og Kvinder, af hvem man ikke skulde have ventet en saadan Optræden, som deltok i Pibningen og Hylene. Saaledes skal et Paar Damer i særlig Grad have udmaerket sig med sin Opførelsel.*»<sup>592</sup> Dette er det einaste sporet i noen av avisene etter noe som kunne ha vore dei to sakførarkonene, men dei to som avisar her nemnde, kan like gjerne ha vore heilt andre kvinner. Også i Adresseavisen står det under overskrifta «*Fromme Enfoldighed*» at ein hadde sett «*2 Kjærringer med megen Nidkjærbud at bære Sten i sine Skjørter fra Raadhusalmendingen til Olaus Jensens Vinduer. De troede formentlig derved at arbeide i Kvindesagens Interesse*».<sup>593</sup> Sjølv i romanforfattaren Peter Egge si skildring av opprøret 50 år seinare blir det hugsa at det fanst kvinner blant dei aktive i gata: Det vart henta stein til ammunisjon i «*luer og hatter og i vide, side skjørter*».<sup>594</sup>

## Privat og offentleg

Når politiet let vere å etterforske dei to sakførarhustruene for deltaking i gateopprøret, var altså omsynet til *heimane* ein viktig grunn. Den private heimen, vel å merke den borgarlege og velståande, vart såleis tilkjent ein slags immunitet, som gjorde at dei to «*damene*» slapp å bli granska – så lenge dei vart sett som delar av den same private heimen. Og det vart dei.

Dei to kvinnene vart verga på ein måte som får dei til å framstå nærmast som delar av ektemennene sine private domene. Og det mennene verga damene sine mot, var eit rykte på byen om at dei hadde vore med på noe svært så offentleg og kontroversielt, eit gateopprør. I det siste ligg på ein måte eit forsøk på å forsvare eit bilde av kvinnene ikkje berre som lovlydige, men som ikkje-deltakande i gata som rom for ein ny type offentleg meiningsytring. Sam-

tidig handla dei to mennene sitt strev overfor politiet også om å forsøre si eiga offentlege ære. Begge dei to mennene var offentleg kjende, dei var to menn som sto sentralt i byen sitt offentlege liv. Det gjorde det truleg ekstra viktig for dei å ha kvinner som ikkje braut med sterke ideal i tida om at kvinner hørde til i heimen, der det rådde fred og harmoni – i motsetning til i det offentlege livet som mennene var med på. Ein kan nesten vanskeleg tenke seg ein meir radikal måte å bryte dette idealet på for dei to kvinnene enn å gå «ut på gata», og der ta del i eit oppror.

Som kontrast til dette står det at Minda som «usedeleg» på ein måte hørde til i gata, og i *det offentlege*. Ein av dei som bidrog til det inntrykket i avhøra seinare, var den tredje mannen som var inne på apoteket da Minda kom inn, men som forlet staden nokså snart. Han understreka for det første at han ikkje hadde hørt noen ytring frå jenta som «*i nogen Maade tydede paa at Pigen var narret ind. Deponenten fik det indtryk at pigen var et offentlig Fruentimmer. Hun ytrede intet om at hun vilde gaa sin Vei, hun var noksaa villig til at sætte sig ned uden nogenslags Opmuntring* (mi utheving)». Vidare fortalte han òg, som dei andre, at ho drakk frivillig. Men at noe utuktig skal ha gått føre seg, var han nokså sikker på ikkje var tilfelle – sjølv om både han og farmasøyten meinte å hugse at noe hadde skjedd borte i ei seng, men da sat han som her fortalte, med ryggen til. Dessutan var det eit forheng framfor senga (!)<sup>595</sup>

Bruken av ordet «offentleg» er her interessant. Utan at det blir sagt eit einaste ord for å konkretisere det nærmare, står betydninga i samansettninga med det eintydig lada ordet «fruentimmer» nokså klårt: å vere «offentleg» for ei kvinne var å vere umoralsk – og lite kvinneleg – slik det her framstår i teksten frå eit mannleg vitne. Medan det for ein mann var ein del av noe mannleg å vere offentleg, var det kvinnelege knytt til noe privat. Dette er vel kjent. Medan menn, når dei var «offentlege», tok del i politikk og samfunnsliv, var kvinner «offentleg» i ei anna mening, som tilgjengelege for «alminnelig avbenyttelse».<sup>596</sup>

Det som er verdt å merke seg i tilfellet med dei to advokatane, er at det private ved «det kvinnelege» – sett med mannlege øye, også var så viktig for menn si øre som «mannlege», og da som offentlege menn. Kvinner som heldt seg til det private, var her viktige som *del av* eit sjølvbilde som offentlege menn. Viss dei engasjerte seg i offentleg debatt eller meiningsytring, tok dei steget over i «det offentlege» – og da i den mannlege meinings av ordet, og da vart dei opplevde som trugsmål mot idealia i tida for både kvinneleg og mannleg.

Minda vart altså oppfatta som «offentleg» i betydninga allment tilgjengeleg. Men ved å bli tema for avisskriving og folkesnakk, vart ho også offentleg i ei anna mening: ho fekk det ein vanlegvis ser som privatliv bretta ut for alle. Hadde ikkje Minda vore «offentleg» i den betydninga før, så vart ho det i løpet

av saka. Som sagt kom forhøra, då dei endeleg kom i gang, i stor grad til å handle om hennar fortid, som ei granskning av kor «usædelig» ei jente ho var, medan han som eigentleg var den som vart mistenkt for brotsverk mot jenta, løytnanten, fekk stå nokså ugranska. Hans fortidige liv var privat og vart heller ikkje no gjort offentleg, verken i retten eller avisene.

Om dette skreiv Dagsposten: «*Men Loitnant Rodes Fortid og tidligere Liv, særlig i sædelig Henseende – hvorledes er det med det? Slet ikke undersøgt (...). Pikens Fortid er ubarmhjertig afdækket. Hans Fortid er der trukket Slør for. Og dog er Rode anklaget og forbryder i denne Sag; Pigen er Anklager (...).* En Loitnant og en Mand – hvem falder paa at blande sig op i hans sædelige Forhold? Og endmere: hvem falder paa at fremlægge for Offentligheden en saadans ‘Fortid’? Men en Pige, og en Pige af lavere Stand – hendes Liv dækker ingen over».<sup>597</sup> Både Dagsposten og Adresseavisen trykte alle avhøra i saka, med ein viktig liten forskjell: I Adresseavisen vart fleire vitneutsegner og formuleringar som var negative for Minda, mellom anna slike som handla om å offentleggjere kor usømmeleg eit liv ho elles hadde levd, utheva med større typar.

Her er eit interessant forhold mellom moral, kjønn og offentlegheit. Medan mennene i Minda-saka fekk behalde som private dei moralske sidene ved det livet dei elles hadde levd, var *det* nokså automatisk eit offentleg tema når det gjaldt Minda. Når ei kvinne braut med ideal og normar for det kvinnelege, vart ho altså på *fleire* måtar ei «offentleg» kvinne – og dermed mindre «kvinneleg». Som *menn «sine» kvinner* derimot, vart det gjort mye for å verge dei som private, også om dei hadde gjort noe som braut med visse ideal for kva som var «kvinneleg».

For å forstå betydninga av Minda-saka, må ein vite at dette hende på slutten av 1880-talet, midt i ei moralsk og politisk brytingstid, der grenser for rett og gale, sedeleg og usedeleg, vart sett på prøve – og like mye: trekte opp på ny. Minda-saka skjedde midt i eit tiår med politisering, framveksande kvinnesak og berre eit par år etter at kjende romanar som «Kristiania-bohemien» (Jæger), «Albertine» (C. Krogh) og «Mandfolk» (Garborg) skapte debatt blant anna om kjønnsmoral, og om kvinneleg og mannleg.<sup>598</sup>

Når Minda-saka verkeleg vart ei «sak», som blant anna let etter seg såpass med kjelder at vi her kan skrive så grundig om ho, er det fordi ho skjedde i ei ny tid, ei tid da offentleg informasjon og debatt var i ferd med å bli noe anna enn det hadde vore. I framveksten av den stemninga som førte til opprøret, spelte folkesnakket og ei samfunnskritisk avis på lag. Rett nok meinte Dagsposten at saka var «bekjendt udover hele Byen, længe før vi rorte ved den».<sup>599</sup> Likevel er det lite grunn til å tvile på at avisartikkelen i Dagsposten ein månad etter hendinga, kan ha vore med på å utloype opprøret, som altså skjedde andre dagen etter at artikkelen var spreidd til leseknydige, og kommunisert,

rundt om i heile byen. I følgje Dagsposten var det ei kvar avis si plikt å gi «Offentlig Opmærksomhed» til ei «saadan Embedshandling som Politimesterens».<sup>600</sup> Da den same politimesteren bad alle aviser slutte å skrive om saka til ho var avgjort i domstolane, svarte Dagsposten at ein heller burde gi saka «saa grundig Opmærksomhed, som det er muligt».<sup>601</sup>

Adresseavisen sto for det omvendte synet: her var det eit hovudankepunkt mot Dagsposten at den avisa i det heile hadde begynt å skrive om saka, at avisa hadde valt å gjøre saka offentleg. Sidan redaktøren for Dagsposten var advokat, fann Adresseavisen det ekstra slagferdig å kunne seie at det han her gjorde, var å «indanke en Sag for Almenhedens Dom». Og «Den 'Almenhed' som 'Dagspostens' Redaktør paakaldte, afgav sin Kjendelse ved Optoierne den 9de November».<sup>602</sup>

Men her var ikkje forholdet så enkelt at ei avis gjorde saka offentleg, og den andre ikkje. Også Adresseavisen hadde si «Almenhet», som kunne hentast inn til «Kjendelse», ikkje mot løytnant og politimester, men mot jenta: «'Almenheden' var imidlertid vidende om, at Pigen var et mere end almindeligt rutinerte 'Barn'», skreiv avisa.<sup>603</sup>

Her sto to syn mot kvarandre: Politimesteren, som var høgremann, og Adresseavisen, meinte at Dagsposten sin offentlege kritikk mot politiet var injurierande, og ville gå til sak mot avisa.<sup>604</sup> Venstrevisa Dagsposten såg det som si plikt å kritisere politimesteren offentleg når han hadde gjort feil i embetet sitt. For Adresseavisen var Dagsposten sin kritikk mot politimesteren sine handlingar i Minda-saka oppvigleri. «... selv om de Data, den (artikkelen i Dagposten) indeholder, var Fuld Sandhed, saa er selve den Tendents, der gaar igjennem den, direkte eggende, ophidsende og vildledende».<sup>605</sup> Når sanninga verka slik, burde ho ikkje gjerast offentleg. Adresseavisen hadde her møtt noe nytt og irriterande innan offentleg samfunnskritikk i byen.

Minda-saka skjedde elleve år etter at Dagsposten var etablert som det første verkelege alternativet til Adresseavisen i Trondheim. Og det skjedde på slutten av 1880-åra, det tiåret da politikk for alvor vart prega av partiorganisering, der meniningane vart kjørte mot kvarandre i ordna frontar, og i hard drakamp om folkemeininga. No var det faktisk i ferd med å bli slik som Adresseavisen hadde frykta i 1879, i ein debatt om eit forslag frå venstresida om å utvide stemmeretten slik at større grupper også av arbeidsfolk kunne få vere med å stemme: «det kommer til at bero mere paa Mængden af Stemmerne end paa disse Stemmars intellektuelle Overlegenhet (uth i avisa)».<sup>606</sup> Frå da Dagsposten i 1882 framsto som Venstre sitt offisielle organ, hadde den offentlege debatten i byen vore prega av at to parti og to aviser kjempa om oppslutning frå «mannen i gata», eller «mængden» – som her bokstaveleg talt viste eit skremmande ansikt i gata.

På denne tida var kampen mellom avisene om hegemoniet på fleire måtar ein kamp i gata, ikkje minst ved at mye av salet gjekk gjennom avisgutar som i ein ofte pågående salsstil verka som avisene sine fotosoldatar i gatene. I 1889 vart det sendt inn eit forslag til politimesteren om å forby avissal på gata, fordi han meinte folk ikkje fekk gå i fred for avisgutane.<sup>607</sup>

Når Adresseavisen i 1879 hadde vore redd for «Mængden» si makt ved utvida stemmerett, er det interessant å kunne lese i politiet sitt materiale om opprøret i 1888, at det der òg var «Mængden» ein var redd. I grunngivinga av arrestasjonen av ein av opprørsleiarane, heiter det at ein gjorde det for å hindre gjentaking ved «de optoier der berygtedes at skulde have fundet sted ogsaa igaard, det blev nemlig Nat til igaar af mængden udtalt at optoierne skulde fortsettes næste aften».<sup>608</sup> Det var «mængden» som her framsette trugsmål, og var farleg.

Til dette begrepet «mængden» knytte det seg viktige brytingar og endringar i siste del av 1800-talet. Noen så store farar for auka makt til ein uopplyst og uansvarleg folkehop i gatene. For andre var «mængden» tvert imot eit mål for det nye demokratiet, basert på at alle hadde like rettar uavhengig av sosial stand og klasse – og intellekt.

«Gata» var viktig i desse brytingane i tida. Det var der «mængden» kunne markere seg, særleg så lenge mange sakna stemmerett. Peter Egge hugsa 50 år seinare godt korleis pipinga let «spedt» i «den brede gaten» – før fleire strømte til, og gjorde opprøret sterkare. Og i Dagsposten sin reportasje frå opprøret var det eit hovudpunkt at «Folkemassen øgede stadig og fylde snart hele Gaden (mine uth.)».<sup>609</sup> Når det skjedde i såpass breie gater som Trondheim, må det ha styrkt kjensla av makt. Betydninga av mengda var truleg relativ i forhold til rommet, så også med «Mængden» si makt over «Gaden».

Betydninga av «gata» handla ikkje berre om to motsette politiske syn, eit til høgre og eit til venstre. Eit skilje gjekk også mellom «gata» på eine sida og den organiserte politikken på den andre. Det var grenser også for kva Venstre-politikarar og ei ansvarsfull avis som Dagsposten ville vere kjende for å vere alliert med. Etter skuldingane for å ha forårsaka opprøret, sto Dagsposten ved kritikken mot politimesteren, men tok avstand frå opprøret. Kven kunne ha trudd at aviskritikken mot politimesteren ville bli følgt av slikt eit opprør. «Ingen, som kjender Throndernes rolige Temperament», kunne ha spådd dette, «og ingen kan beklage Optoierne mere end vi», skreiv avisa.

Årsaka til opprøret plasserte Dagsposten hos politimesteren, og om hans handlemåtar hadde avisa berre fortalt fakta. Og sjølvे ansvaret for aktivt å ha gjort dei same fakta til tema for opprør, låg hos opprørarane, ikkje hos avisa.<sup>610</sup> Seinare ytra Dagsposten også eit anna synspunkt: hadde politiet vore meir til stades med uniformer da det heile starta den kvelden, kunne det som først berre

var litt «vanlig gateuro», ha vorte roa ned for det vart såpass valdeleg. For politiet visste på førehand at demonstrasjonen var påtenkt.<sup>611</sup> Av og til hørest det nesten som Venstreavisa lasta politimeisteren for ikkje å ha stoppa opprøret, nesten like sterkt som ho lasta han for måten han hadde handtert «pikesaken» på. Ein spurde seg om byen var tent med å ha ein politimeister som mangla noktern vurderingssans i ein så alvorleg situasjon som eit opprør var.<sup>612</sup>

Det var tydelegvis viktig for Venstre å komme unna å bli identifisert med opprøret. I strevet for å sleppe det, påsto Dagsposten at det også hadde vore fleire Høgre-folk blant dei som peip mot politimeisteren. Det vart no trekt fram både for å få fram at det ikkje var berre Venstrefolk med, og for å hindre at opprøret vart gjort til partisak: «*Ethvert alvorligt Menneske maa misbillige, at denne Sag gjøres til en politisk Partisag*».<sup>613</sup>

Dette kan tolkast på fleire måtar: Samtidig med at saka handlar om framveksande offentleg debatt, der autoritetar kunne kritisera på nye måtar, viser ho korleis den organiserte venstresida i iveren etter å bli teken alvorleg i politikken, ikkje torde å støtte eit så utprega «gateopprør» som dette. Tolka noe annleis kan dei som sto for kritikken mot politimeisteren, og kanskje hadde sympati for opprøret utan å støtte dei ulovlege sidene ved det, også ha vore redde for at sjølv saka kunne bli svekka ved å bli trekt inn i partipolitikken. For saker som hadde oppslutning i «gata» var det ein fordel å ha støtte frå folk på tvers av dei nye partigrensene.

Slik sto den nye bruken av *gata* til offentleg meiningsytring, og den nye «politikken» der meininger vart ordna og ytra gjennom *parti*, i eit fleirtydig forhold til kvarandre. Begge handla om å mobilisere «mengda». Men i «gata» samlast denne mengda spontant og for saker som ikkje kjende partigrenser. I den nye «politikken» gjaldt det å ikkje la eigne partisaker bli smitta av den same mengda sin bruk av «gata», av det udisiplinerte, valdelege og ustyrlege. «Gata» og «politikken» sto såleis i eit både symbiotisk og «antibiotisk» forhold til kvarandre, dei henta næring frå kvarandre, samtidig som dei ikkje ville bli smitta av svakheitene til kvarandre.

For Venstre var opprøret i gata eit ris bak spegelen, ikkje noe ein støtta, i alle fall ope og offentleg. Samtidig var gateopprøret noe ein gjerne viste til som sannsynleg konsekvens når samfunnsautoritetar, som i dette tilfellet politimeisteren, handla urettferdig. Og den kritikken fekk også støtte i Venstre sitt namn, så her var det ikkje noen heilt gjennomført konsekvens i ønsket om å ikkje gjøre saka til partisak. Ein innsendar i Dagsposten skreiv at kanskje ville det ha vore rett om Dagsposten hadde «*boldt inde med Historien om den mis-handlede Pige*», slik høgreavisene hadde gjort, for da kunne ein kanskje ha unngått opprøret. Men, skreiv han etterpå: «*Venstre ser sagen fra et andet Synspunkt. Det krever Rettferdighed og Menneskelighed overfor ethvert*

*Medlem af Samfundet, hvad enten han er rig eller fattig*».<sup>614</sup> I Dagsposten kunne det i andre samanhengar komme fram at ein forsto opprøret som uttrykk for rettferdssans hos dei som gjennomførte det. Dette viser ambivalansen. Langt på veg ser det ut til at Venstre og Dagsposten støtta, eller i alle fall forsto, *harmen* bak opprøret, men tok avstand frå *måten* det var gjennomført på. «*Hos den oplyste Borger og Borgerinde vil Retfærdighedsfolelse og berettiget Harme altid gi sig Udslag paa lovlig Vis*».<sup>615</sup> Dessutan: «*Var det at vente andet end at Folk maatte bli oprørt og foreta noget – slik politimeisteren hadde forsomt pliktene sine?*».<sup>616</sup>

Debatten om opprøret viser at det i denne tida var nokså flytande grenser for kva som skulle kunne godtakast som lovlege eller sømmelege måtar å ytre meinung på i gatene. Ei oppfatning gjekk ut på at det å ta del i pipekonserter mot politimeisteren var både umoralsk og straffbart, fordi ein hadde «*forhaabet en offentlig Myndighed*». Det fanst paragrafar i loven som kunne trekka stort om det kunne seiast om politimeisteren den kvelden, for han oppheldt seg «*i sine Bagværelser*» – som her hørest nesten som motpolen til «*i sitt embete*». Dagsposten meinte det her ikkje kunne bli snakk om anna enn eventuelt mulkter for «*Gadeuorden*».<sup>617</sup> Dessutan meinte avisat at «*En almindelig Opinionsytring inden Lovens Grænser vilde vi have fundet naturlig i en Sag som denne, der har grebet Gemytterne som ingen anden i umindelige Tider*». Også for ein som skreiv i Adresseavisen, var pipekonsert ei lovleg «*almindelig Opinionsytring*». Men å bruke det uttrykket om det som hadde skjedd i Trondheim, var å stimulere til opprør, meinte han.<sup>618</sup>

I Venstreavisa var det eit syn at gata absolutt kunne brukast til meiningsytring på fredelige og lovlege måtar, utan bråk: «*Mishag kan tilkjendegives ved fredelig Optog, uden Piben og Optoier, med en valgt Deputation til at tilkjendegi vedkommende, hvad der er den almindelige Opinion*». Som modell viste avisat til «*det store Protesttog i Kristiania mod Beslaglæggelsen af Albertine*». Vidare kunne ein arrangere massemøte, der ein vedtok resolusjonar. Og ein kunne samle «*Masseunderskrifter*».<sup>619</sup> Oppi det ambivalente forholdet til «gata» fanst det altså i Venstre interesse for å ta i bruk gatene som ei politisk meiningsytring på nye måtar, vel å merke om det skjedde under kontroll og disiplin.

Blant leiarane for ordensmakta i byen hadde opprøret sett skrek. Eit par månader seinare nådde enda ein gong eit rykte politiet om planar om demonstrasjonar. Det vart latterleggjort i Dagsposten: «*Politiet marscherede i Patruljevis gjennem Gaderne ved 10-tiden igaaraftes til megen forundring for de faa andre som var ude for at trække frisk Luft*». Ryktet hadde gått ut på at noen ville starte eit fakkeltog til støtte for redaktøren i Dagsposten. Men

truleg var ryktet planta av ein «*Spasmager, som har villet more sig paa Politiets bekostning. Vi tror ogsaa, det er bedst, at ingen tænker paa nogen saadan Demonstration for Alvor; det fører kun til Spektakel og Ubehageligheder for alle Parter*». <sup>620</sup> Enno i jula 1888 fanst såpass med angst for nye opprør i byen at soldatar ikkje fekk reise heim til «*sin Familie paa Landet*» i jula slik dei hadde fått tidlegare om åra. <sup>621</sup>

## Lys og mørke – igjen

I denne gjennomgangen av Minda-saka har eitt formål vore å få fram korleis fleire kulturelle prosessar som utspelte seg i byen i siste del av 1800-talet, møtest i ei konsentrert hending. Saka kan såleis lesast som eit forstørringssglas eigna til å få fram tydelegare noen av dei kulturelle samanhengane det handlar om. På liknande måte verka striden om lyset i gatene under kongen si opning av jernbanen i 1877 til å få fram korleis lyset hang saman med fleire kulturelle prosessar i tida. Forholdet mellom lys og mørke var også framme i fleire samanhengar under Minda-saka.

Som nemnt sorgde noen av deltakarane i opprøret i 1888 under dei verste tumultane for å få sløkt gasslyktene i nærleiken, «*saa Gaden var fullstændig i Mørke*». <sup>622</sup> Det kan sjølvagt tolkast som utslag av raseri og lyst til å ødelegge. Ein annan grunn kan ha vore at ein i mørket kjende seg tryggare til å delta i pipinga og ropinga og valdshandlingane. Etterpå viste det seg også at politiet hadde sivile betjentar i mengda for å notere kven som var med. Dei fekk det sjølvagt vanskelegare i mørket.

Vi har tidlegare vore inne på kva lyset hadde å seie, m.a. for kontrollen med og fridomen til å ferdast i tid og rom. Meir lys i gatene auka sjansane for politiet til å kontrollere ei opprørsk folkemengd. Det er kjent frå fleire stader i Europa på 1600-talet at innføring av gatelys vart sett som einaste løsing på uro og bråk i gatene. I det perspektivet bør ein også forstå den symbolske effekten av at «pöbeln» i Paris under den franske revolusjonen i 1789 brukte lyktestolpane til å henge rike adelsmenn i. Grunnen til det var ikkje berre at stolpane eigna seg som galgar, men at dei bidrog til å gi straffehandlinga symbolsk innhald som omsnunad av gata som orden. Der hang representantane for den gamle orden på ein måte og «lyste» av skrekks – i staden for det lyset dei tidlegare hadde hatt til å verge seg med. I dette spelet utfalda det seg ein kamp om kontrollen med «gata» og det offentlege rommet. Også under juli-revolusjonen i 1830 ødela folkemassene systematisk gatelyktene. Det skal ha vore ein viktig grunn til at troppane til tropper mislykkast i å få kontroll med opprørarane i gatene. <sup>623</sup>

Noe liknande kan dei opprørsk i Trondheim ha håpa på opprørsvelden i 1888. I mørket kunne dei lettare og utfalde opprørshandlingane sine utan å bli teknar av ordensmakta, og gjere «gata» til si.

Også i debatten etterpå om korleis opprøret kunne ha vore unngått, vart lyset trekt inn. I Dagsposten heitte det: «*At slige Optoier bedst foregaar i Mørke, behøver ikke at noteres*». I så måte fann avisas det interessant at ho hadde fått høre at andre bebuarar i garden der politimeisteren budde, hadde fått ordre – av politimeisteren – om ikkje å tenne lys den kvelden. Politimeisteren burde ha visst «*at hvad der behøvedes, var Lys og ikke Mørke*». I staden hadde han på denne måten bidrige til å gjere «*Arenaen saa bekvem som muligt*» for opprørsmakarane, noe dei sjølv også viste ved å ytterlegare å sløkke «*de faa Lygter, som var dem ubeileilig*». Hadde alle hus halde vindauge sine opplyste, ville det neppe gått slik, meinte han som skreiv dette i avisas. «*Hvorfor berammes denslags Fornioelser ellers i Regelen til om Aftenen? Er det ikke for at nyde godt af Mørket?*». Å delta i slikt var «*en ganske anderledes Affære, naar det er lyst*». <sup>624</sup>

Men samanhengen mellom Minda-saka og lys eller mørke kunne også sjåast i andre retningar. I eit lesarbrev i Adresseavisen vart det føreslege å jage Dagsposten sin redaktør ut av byen for det oppvigleriet han hadde stått for i «pikesaken». Da svarte Dagsposten ironisk: «*Se det er der Mening i; men ikke Dagspostens Redaktør alene, lad os jage fra Byen alle dem som ikke gaar med paa at holde Forbrydelser skjult, naar de begaaes i de høiere Samfundslag! Ud af Byen med den Slags Folk; da vil der bli Fred og gode Dage for alle, som er pene Borgere og agtværdige Folk saa længe Solen er oppe, men i Smug er Slyngler, naar Mørket falder paa*». <sup>625</sup>

I forlenginga av denne tankegangen kunne mørket gjerast til tilhaldsstad for den kritiserte autoritet som politimeisteren var, og hans gjerningar. Og ikkje berre hadde han valt mørket, han hadde gjømt seg i bakgarden: Han «*stængte sin Port, lod Lysene slukke i alle værelser til Gaden og tilbragte Aftenen i Bagværelserne*». <sup>626</sup> Dette fekk han til å framstå som «ynkværdig». <sup>627</sup> Når det no vart kravd tiltak for «*at bringe Lys i denne smudsige Sag*», var det no like mye politimeisteren som dei mannfolka som eventuelt hadde misbrukt jenta, som representerte det «*smudsige*». <sup>628</sup>

Med den retoriske krafta som låg i lyset som metafor, var det viktig å plassere dei kreftene ein kritiserte, i «mørket». Også det at politibetjentane ikkje hadde vorte kommanderte ut for å stoppe bråket, men utkledde som vanlege deltakarar i opptøyane, som spionar for å notere kven som var med, kunne tolkast som ei gjerning som hørde «mørket» til. I denne situasjonen var politiet, det mest synlege og handgripelege teiknet på offentleg ordensmakt i gata, gjort til noe usynleg, og på *ein* måte omvendt av offentleg. <sup>629</sup> Det skjedde i ein



Mørk og dyster gate, på grunn av regn. Innherredsveien (udatert).

situasjon da ein opprørsfolkemasse verkeleg okkuperte det offentlege rommet. I dette ligg både symbolske og høgst reelle vendepunkt for det innhaldet som fekk fylle gata som offentleg rom.

Det var ikkje slik at lyset eintydig var reiskap for makta, og at mørket var eit rom for fridom og opprør. I den nye kampen om å dominere gatene med sine bodskapar, gjaldt det også å erobre lyset, og kanskje som her: sette makta i mørket. Også dette finst det fleire eksempel på frå opprørssituasjonar på 1800-talet elles i Europa. I 1848 feira folkemassane i store byar erobringane sine med imponerande fakkeltog og prangande «illuminasjoner», som er vortne skildra på måtar som minner aldri så lite om debatten om lyset da kongen kom til Trondheim i 1877: Frå Wien heiter det at «*kein Fenster der Stadt und der Vorstädte war unbeleuchtet, es war eine aufrichtige Freudenbezeugung*». <sup>630</sup>

## Makta i gata

Gateopprøret i 1888 vart slege ned. Men det hadde uttrykt ei makt som låg att i byen, i gatene og i forholdet mellom «mængden» og autoritetane i byen. Det

viste seg godt i eitt av resultata: politimeisteren greidde ikkje etter Minda-saka å gjenopprett den personlege tilliten sin i byen. Dei konservative avisene som fordømte opprøret sterkest, prøvde heller aldri å ta politimeisteren si handtering av Minda-saka i forsvar. Ein triumf for både opprørarane og Dagsposten var det da Stiftsamtmannen mot råd frå politimesteren ba politiet innhente forhør i saka.

Politimesteren vart såpass lite omtykt i byen at han to år seinare vart beden om å søke seg ei anna stilling.<sup>631</sup> På denne måten var det markert kva makt som låg i den nye offentlege debatten, der grenser vart sprengde for kva som kunne kritisera og ikkje, og der «gata» var i ferd med å få nye betydningars arena for meiningsuttryng og samfunnskritikk. Da politimesteren under Minda-saka sökte justisdepartementet om fri rettshjelp for å føre sak mot Dagsposten, svarte avisar rett ut at det var irettesetting han heller skulle fått av departementet. Dessutan spurde avisar: «*er det slet ikke tilladt at kritisere en Politimester*». <sup>632</sup> Utfallet av saka viste at det no både var muleg, og at det låg makt i å gjøre det, offentleg og i gatene.

Oppøyane i 1888 hadde vist at politiet sto svakt, og det ga argument for større pengeløyvingar. I 1890 vart politibudsjettet utvida, slik at ein kunne betale tolv leigekonstablar i vinterhalvåret. I 1891 vart det søkt pengar til ein åttande betjent og tre nye konstablar, og 25 nye telefonboksar vart utplasserte rundt om i byen. Politiet ønskete seg no ein uthyrkingsstyrke som ein kunne ha ståande klar med hest og vogn, slik dei hadde i Chicago, vart det sagt. Det vart ikkje noe av, men i 1893 fekk korpset seks nye konstablar. Og i 1896 vart ei eiga kriminalavdeling utskild med tre mann. I 1890-åra vart politiet kraftig bygd ut, slik at det i 1900 talte 10 betjentar, 8 overkonstablar, 41 konstablar og 1 kontorist.<sup>633</sup> Sjølv sagt var denne utbygginga grunngitt i mye anna enn farene for uro av det slaget ein hadde sett under Minda-saka. Men det er neppe tvil om at den hendinga i lang tid baud på erfaringar det vart lagt vekt på å unngå. Og kor som er: utbygginga av politiet må ha betydd mye for makta og kontrollen i gatene.

## Men korleis gjekk det med Minda?

Til slutt må nesten nemnast korleis sjølv Minda-saka endte, sjølv om det ikkje har vore noe hovudformål å granske saka som rettshistorie.

Løytnanten si sak vart overført til militærdomstolen, medan det mot dei ungutane som innromte å ha hatt seksuell omgang med jenta, vart reist civile rettsaker.<sup>634</sup> Løytnanten vart dømt for «*Forsøg på Forbrydelse*» til 30 dagar Festningsarrest.<sup>635</sup>

Og Minda? Korleis det gjekk med henne etter at ho vart vaksen, veit vi ikkje, men noe små teikn peiker i ein bestemt retning. I politimateriale frå 1892 er ho atten nemnt, da som arrestert for «*beruselse og gateuorden*». <sup>636</sup>

Dessutan finst spor i kjeldene som viser at det var Minda, ikkje mennene, som sat att med den mest sviande skamma etter hendingane i 1888. Det får ein eit inntrykk av i eit avisinnlegg der innehavaren av ein Skofabrikk i Dronningens gate gjekk offentleg ut og avkrefta eit rykte om at det var ei jente tilsett hos han, som hadde vore «*Gjenstanden for den Skjændige Opførsel av en Loytnant paa et Apotek*». <sup>637</sup>

I eit seinare avhør med foreldra til Minda kom det fram at ho etter hendinga rett nok hadde fått ei teneste, men den hadde ho fort mista, fordi «*Tildragelsen blev hendes Madmoder bekjent (...) og det er vel meget tvivlsomt, om hun i nogen nær Fremtid kan faa en anstændig og varig Tjeneste efter dette, ja om hun nogensinde vil kunne faa den*». <sup>638</sup>

I referatet frå det siste møtet i den sivile rettssaka mot slaktargutane som hadde hatt seksuell omgang med Minda, fortel Adresseavisen at Minda for det første nekta å avlegge eid på at forklaringane hennar var rette. Dessutan: «*Hun optraadte meget frimodigt derude og udtalte Ønske om at faa en flaske Öl og en Cigar at vederkeve sig paa, medens hun sat paa Venteværelset*». <sup>639</sup> Dette kan nemnast som eit siste teikn på at ho i alle fall ikkje slutta å utfordre – på sin måte – dei kulturelle kodane i tida for sedeleg og usedeleg, og – med sigaren – for mannleg og kvinneleg.

## DEL II

# Kalvskinnsgata 1, Hans Hagerups gate og Bruveita – og litt meir om daglegliv i byen fram til midten av 1900-talet

På hjørnet mellom Kalvskinnsgata og Elvegata sto det inntil 1969 ein gammal bustad. Så vart huset rive, fordi Vitskapsmuseet trøng tomta til å bygge ut biblioteket. I 1996 ligg det enno som ein haug trevirke på Trøndelag Folkemuseum, klar til å bli reist igjen, som eksempel på ein arbeidarbustad i den nye byavdelinga ved museet. Her skal vi la miljøet omkring denne bustaden i Kalvskinnsgata 1 vere ein av tre stader å rette søkelyset mot for å komme folk og daglegliv i Midtbyen litt nærmere inn på livet. To andre slike punkt er eit borgarleg murblokkmiljø i nabologat til Kalvskinnsgata, i Hans Hagerups gate ved Museumsparken, og eit veitemiljø på andre sida av Midtbyen, Bruveita, eller som ho heiter i dag, Kannikestrete. Det er den veita ein kjem inn i når ein går frå Gamle Bybro og beint fram inn i Midtbyen.

516 Nidaros 20.4.1935.  
517 Dagsposten 14.12.1917.

## 9. Minda-saka

- 518 Dagsposten sin artikkel om saka 6.11.1888 seier ho vart funnen av brannvakta, men i politiet sitt materiale står det to murarbeidrar. Og i seinare trykte forhør med dei som fann ho, går det fram at dei var bruleggjarar (Dagsposten 19.1.1889).
- 519 Dagsposten 19.1.1889.
- 520 Dagsposten 14.11.1888.
- 521 Dagspoosten 21.1.1889.
- 522 Bull 1985 s. 339ff.
- 523 Dagsposten 18.1.1889.
- 524 Dagsposten 18.1.1889.
- 525 Politiarkivet. 62. kopibok 62.13 1884-1891 Skriv til Overretssagfører Møller (Jfr.1657/88) 30.november.
- 526 Dagsposten 24.11.1888.
- 527 Dagsposten 18.1.1889.
- 528 Dagsposten 6.11.1888.
- 529 Dagsposten 10.11.1888.
- 530 Adresseavisen 11.11.1888.
- 531 Egge 1948 s. 108.
- 532 Folketidende 14.11.1888.
- 533 Egge 1948 s. 108.
- 534 Egge 1948 s. 109, denne skildringa av forløpet stemmer med både politimesteren si eiga forklaring i brev til Stiftamtmanden i Throndhjem. 10de novbr.1888, og med reportasjar i Dagsposten 10.11.1888 og Adresseavisen 11. og 13.11.1888.
- 535 Folketidende 14.11.1888.
- 536 Folketidende 14.11.1888.
- 537 Dagsposten 10.11.1888, Adresseavisen 11.11.1888 og Folketidende 14.11.1888.
- 538 Adresseavisen 13.11.1888.
- 539 Politiarkivet. 62. kopibok 62.13 1884-1891. Skriv til Hr. Stiftsamtmanden i Thrhj. 11.nov. 1888.
- 540 Dagsposten 10.11.1888.
- 541 Folketidende 14.11.1888.
- 542 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884-1891. Skriv til Hr. Stiftsamtmanden i Thrhj. 11.nov. 1888.
- 543 Trondhjems Folkeblad 15.11.1888.
- 544 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884-1891. Skriv 12. nov. 1888.
- 545 Folketidende 14.11.1888.
- 546 Politiarkivet. 62. 62.13 1884-1891. Jno 1394 (142/89og 1681/89) 15.okt 1889, J.no. 1681 20.des. 1889, Jno.1703 24.des. 1889.
- 547 Dagsposten 19.12.1889.
- 548 Adresseavisen 16.12.1888.
- 549 Adresseavisen 14.11.1888.
- 550 Adresseavisen 11.11.1888.
- 551 Adresseavisen 14. og 15.11.1888.

- 552 Adresseavisen 20.11.1888,
- 553 Bull 1985 s. 352.
- 554 Utseth 1947 s. 18.
- 555 Sitert etter Egge 1948 s. 111.
- 556 Dagsposten 23.11.1888.
- 557 Adresseavisen 16.11.1888.
- 558 Adresseavisen 30.1.1889.
- 559 Folketidende 17.11.1888.
- 560 Arrestprotokoll 24.8 1885-1890, Fangeprotokoll, Løslatte straffanger, og politimesteren sin rapport til Stiftamtmanden i Thrhj. 11.nov.1888, i Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884-1891.
- 561 Dagsposten 21.1.1889.
- 562 Adresseavisen 20.12.1888.
- 563 Dagsposten 19.12.1889. I følgje Peter Egge vart Holm dømt til så lang tids fengsel at han gav opp forretninga si, og utvandra til Amerika da han vart slept fri (Egge 1948 s. 110).
- 564 Politimesteren sin rapport til Stiftamtmanden i Thrhj. 11.nov.1888, i Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884-1891.
- 565 Egge 1948 s. 107f.
- 566 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884-1891. Skriv til Overretssagfører Møller (Jfr.1657/88) 30.november.
- 567 Dagsposten 21.1.1889.
- 568 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884-1891. Skriv til Overretssagfører Møller (Jfr.1657/88) 30.november, og same kopibok: skriv av 9de nov.1888 Til Stiftamtmanden i Throndhjem.
- 569 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884-1891. Skriv til Overretssagfører Møller (Jfr.1657/88) 30.november, og skriv av 9de nov.1888 Til Stiftamtmanden i Throndhjem.
- 570 Trondhjems Folkeblad 15.11.1888.
- 571 Dagsposten 27.11.1888.
- 572 Dagsposten 24.1.1889.
- 573 Dagsposten 21.1.1889.
- 574 Dagsposten 21.1.1889.
- 575 Dagsposten 19.1.1889.
- 576 Dagsposten 21.1.1889.
- 577 Dagsposten 21.1.1889.
- 578 Oplandenes Avis, sitert i Dagsposten 25.1.1889.
- 579 Adresseavisen 29.1.1889.
- 580 Folketidende 15.12.1888.
- 581 Dagsposten 21.1.1889.
- 582 Dagsposten 4.12.1888.
- 583 Folketidende 1.12.1888.
- 584 Jacob Lindboe kom i 1869 til Trondheim fra Kristiania, og gjorde raskt karriere som sakførar, og vart etter giftermålet med Hanna Jensen svigerson til Anton Jensen, og dermed medlem i byen sitt mest eksklusive miljø. Frå 1882 vekte det sensasjon da han framsto som den leiande radikalaren i byen. Og i 1895 vart han vald inn på Stortinget for Venstre. Frå da av vart han svekka av sjukdom. Men i 1880-åra verka han som

- leiande både som organisator og flammande folketalar for Venstre i byen, fortel Danielsen 1958 s. 73f.
- 585 Danielsen 1958 s. 326
- 586 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884–1891. JNR 1614 (Cfr 1636/88) 24.nov.1888.
- 587 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884–1891. Jno 1684/88 6.des. 1888.
- 588 Skriv av 28.nov 1888 Til Hr Stiftamtmanden i Trheim. Jnr. 1636/88, i Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884–1891.
- 589 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13 1884–1891. Skriv av 28.nov 1888 Til Hr Stiftamtmanden i Trheim. Jnr. 1636/88.
- 590 Støren 1967 s. 195f.
- 591 Hagemann 1994 s. 64.
- 592 Folketidende 14.11.1888.
- 593 Adresseavisen 15.11.1888.
- 594 Egge 1948 s. 109.
- 595 Dagsposten 19.1.1889.
- 596 Hagemann og Krogstad 1994 s. 18f.
- 597 Dagsposten 24.1.1889, same argumentasjon er gjenteken i Dagsposten 1.2.1889.
- 598 Sjå Hagemann 1994 s. 49ff.
- 599 Dagsposten 12.11.1888.
- 600 Dagsposten 12.11.1888.
- 601 Dagsposten 14.11.1888.
- 602 Adresseavisen 30.1.1889.
- 603 Dagsposten 30.1.1889.
- 604 Adresseavisen 9.11.1888.
- 605 Adresseavisen 16.11.1888.
- 606 Støren 1967 s. 176.
- 607 Støren 1976 s. 204.
- 608 Politiarkivet. 62. Kopibok 62.13.1884–1891. Skriv til Hr Stiftamtmanden i Thrhj. 11.nov. 1888.
- 609 Dagsposten 10.11.1888.
- 610 Dagsposten 12.11.1888.
- 611 Dagsposten 13.11.1888.
- 612 Dagsposten 21.11.1888.
- 613 Dagsposten 12.11.1888.
- 614 Dagsposten 13.11.1888.
- 615 Dagsposten 21.11.1888.
- 616 Dagsposten 23.11.1888.
- 617 Dagsposten 24.11.1888.
- 618 Adresseavisen 14.11.1888.
- 619 Dagsposten 15.11.1888.
- 620 Dagsposten 3.12.1888.
- 621 Dagsposten 24.12.1888.
- 622 Dagsposten 10.11.1888.
- 623 Garnert 1993 s. 123ff og Schivelbusch 1983 s. 98ff.
- 624 Dagsposten 16.11.1888.
- 625 Dagsposten 20.11.1888.
- 626 Dagsposten 21.11.1888.

- 627 Dagsposten 5.12.1888.
- 628 Dagsposten 28.11.1888.
- 629 Dagsposten 21.11.1888.
- 630 Schivelbusch 1983 s. 112.
- 631 Utseth 1947 s. 230f.
- 632 Dagsposten 9.11.1888.
- 633 Danielsen s. 294.
- 634 Dagsposten 20.2.1889.
- 635 Dagsposten 28.6.1889.
- 636 Arrestprotokoll for 1892, 6.november.
- 637 Dagsposten 8.11.1888.
- 638 Dagsposten 18. og 21.1.1889.
- 639 Adresseavisen 20.2.1889.

## 10. Kalvskinnet

- 640 I følge Adresseavisen 17.7.1981.
- 641 Vinje 1967 s. 157.
- 642 Danielsen 1958 s. 165f.
- 643 Adresseavisen 27.8.1938.
- 644 Danielsen 1958 s. 337ff.
- 645 Ifølge Arbeider-Avisa 21.8.1965 og 30.1.1970.
- 646 Reportasje frå Carl Johan i Arbeider-Avisa 27.10.1956. Tal for kven som budde der osv finst i Dagsposten 2.1.1919.
- 647 Intervju G24.
- 648 Ifølge Nidaros 10.4.1935 og Adresseavisen 24.3.1954.
- 649 Krogh 1925 s. 3.

## 11. Kalvskinnsgata

- 650 Nordmark 1981 s. 10.
- 651 Nordmark 1981, s. 11.
- 652 Intervju G4 og G6 og FTTi 1991:6/1601.
- 653 Adressebog for Trondhjem 1900-1901 (Tolvte Udgave), Udgivet og forlagt af Hilmar Moe, Trondhjem 1900.
- 654 Intervju G4.
- 655 Gurine Mogård, Band 56 i Esther Nordmarks intervjuersamling, og FTTi 1991:6/1601.
- 656 Intervju G6.
- 657 Intervju G5.
- 658 Christiansen 1973 s. 251f og intervju G24.
- 659 Adresseavisen 27.8.1938. Dette vart også tillagt stor vekt da ny regulering av området var handsama av kommunen i 1908. Jf. Trondhjems Kommunestyres forhandlinger 1908. Sak 12. S. 98ff.
- 660 Dagsposten 17.1.1933.
- 661 Adresseavisen 2.10.1948 og Trondheim bystyres forhandlinger år 1949. Sak nr 1-271, Trondheim 1951, s. 195f.
- 662 Adresseavisen 10.6.1925.